



FINANSTILSYNET

THE FINANCIAL SUPERVISORY
AUTHORITY OF NORWAY

Årsrapport 2025



Finansielt utsyn 2025 og **rapportering frå tilsynsområda**

Analysar av utviklingstrekk i finansmarknaden blei presenterte i den halvårlege rapporten *Finansielt utsyn* i juni og desember. Rapporteringa frå aktivitetar på tilsynsområda i 2025 blei publisert som separate rapportar i februar 2026.

Innhald

I	Rapport frå leiinga _____	4
II	Introduksjon til verksemda og hovudtal ____	6
III	Årets aktivitetar og resultat _____	19
IV	Styring og kontroll i verksemda _____	29
V	Vurdering av framtidsutsikter _____	36
VI	Årsrekneskap _____	39

Rapport frå leiinga



Rapport frå leiinga

Samfunnsoppdraget til Finanstilsynet er å bidra til finansiell stabilitet og velfungerande marknader. I 2025 løyste Finanstilsynet i hovudsak oppgåvene i tråd med oppdraget i tildelingsbrevet frå Finansdepartementet og den fastsette strategien. Tilsynet la vekt på å ha ein forsvarleg aktivitet på alle tilsynsområda og ei risikobasert innretting for på dette viset å ha ein målretta og effektiv bruk av ressursane.

2025 var eit år med fleire større endringar av betydning for verksemda til Finanstilsynet. Den nye finans-tilsynslova frå 1. april 2025 innebar mellom anna ei endra rolle for styret til Finanstilsynet, og det blei etablert ei ny klagenemnd som behandlar klager på vedtak som Finanstilsynet fattar. Frå same dato overtok Finanstilsynet sentrale myndighetsoppgåver frå Oslo Børs, inkludert tilsyn med løpande informasjonsplikt og utsett offentliggjerings av insideinformasjon, i tillegg til rolla som tilbodsmyndigheit.

Finanstilsynet følgde i 2025 opp Stortinget sitt vedtak om å etablere eit kontor i Hamar. Det nye kontoret styrker Finanstilsynet sin innsats mot økonomisk kriminalitet og er ein del av ei nasjonal satsing. Dei første medarbeidarane starta opp i Hamar 1. september 2025. Gjennomføringa så langt er å rekne som vellykka, sjølv om opptrappinga av antalet tilsette har tatt noko lengre tid enn opprinneleg planlagt.

Finanstilsynet la i 2025 vekt på makroøkonomisk overvaking og styrka beredskap. Ved utgangen av 2025 var situasjonen i norsk økonomi og norsk finansnæring samla sett god, til tross for betydeleg geopolitisk uro gjennom året. Saman med sårbarheiter i form av høg prising i fleire marknader og høg gjeld blant mange aktørar inneber endringane i risikobiletet stor usikkerheit om utviklinga framover. I denne situasjonen er det viktig at motstandskrafta blir halde oppe og vidare-utvikla.

Finanstilsynet har eit breitt tilsynsansvar. Dei fleste føretaka leverer i hovudsak tenester av høg kvalitet og i tråd med gjeldande regelverk. Gjennom tilsyn, mottatte varslar og oppslag i media blei det også i 2025 avdekt vesentlege manglar og kritikkverdige forhold i enkelte føretak under tilsyn. Tilsynet følgte opp avvika med føretaka. Tilbod om finansielle tenester frå føretak og personar utan løyve, som ulovleg utlånsverksemd på sosiale medium, blei også følgde opp. Finanstilsynet har etablert samarbeid med Nasjonal digital læringsarena (NDLA) og nettstaden Ung.no for lettare å nå unge forbrukarar med informasjon om finans.

Nytt regelverk om kryptoeigedelar og digital operasjonell motstandsdyktigheit tredde i kraft i 2025, og det innebar nye tilsyns- og forvaltingsoppgåver for Finanstilsynet. Frå sommaren 2025 har Finanstilsynet

deltatt som observatør i EU sin nye antikvitvaskingsmyndigheit (AMLA).

I tråd med oppdraget frå Finansdepartementet hadde Finanstilsynet i 2025 merksemda på rammevilkår og forenkling for føretak under tilsyn og på konkurransen i finansmarknadene. Tilsynet la vekt på dialog med næringa og openheit om fakta og analysar. Saman med Datatilsynet og fleire føretak gjennomførte Finanstilsynet i 2025 vellykka prosjekt i den regulatoriske sandkassen for å utforske moglegheiter og hindringar for datadeling i kampen mot økonomisk kriminalitet.

Finanstilsynet følgde i 2025 opp nye interne retningslinjer for gjennomføring av tilsyn, og mot slutten av året fastsette tilsynet nye retningslinjer for forvaltingsprosessar. Effektive tilsyns- og forvaltingsprosessar er ei viktig prioritering også framover.

Rask teknologisk utvikling gir moglegheiter for verksemda til Finanstilsynet. Moderniseringa av IT-plattformar hadde høg prioritet i 2025, og vi ventar å nå fleire viktige milepælar i 2026. Det femårige digitaliseringsprosjektet 2022–2026 har gitt resultat i form av betre tilgang til data og meir effektive interne prosessar. Utprøving av kunstig intelligens (KI) har komme godt i gang, med brei deltaking internt, og held fram i 2026.

Oslo, 2. mars 2026

Per Mathis Kongsrud

Per Mathis Kongsrud
finanstilsynsdirektør

Introduksjon til verksemda og hovudtal



Introduksjon til verksemda og hovudtal

Samfunnsoppdraget til Finanstilsynet

Finanstilsynet skal gjennom tilsynet med føretak og marknader bidra til finansiell stabilitet og velfungerande marknader og til at brukarane kan ha tillit til at finansielle avtalar og tenester blir følgde opp slik dei skal.

Finanstilsynet kontrollerer korleis føretaka driv verksemda i finansmarknaden, om dei er solide og kan tole skiftande økonomiske forhold, og om dei har eit akseptabelt risikonivå.

Finanstilsynet er eit sjølvstendig myndigheitsorgan som arbeider med grunnlag i lover og vedtak frå Stortinget, regjeringa og Finansdepartementet. Finanstilsynet deltek også i eit omfattande internasjonalt samarbeid. Gjennom EØS-avtalen blir finansmarknadsregelverket til EU gjennomført i norsk rett.

Lovgrunnlag

Finanstilsynslova frå 1956 blei med verknad frå 1. april 2025 erstatta av ei ny finanstilsynslov.

Strategi

Kvart fjerde år går Finanstilsynet gjennom strategien for verksemda. Strategien er eit viktig grunnlag for den løpande prioriteringa og styringa av verksemda til tilsynet. Saman med tildelingsbrevet frå Finansdepartementet er strategien utgangspunktet for dei årlege planane for verksemda. Styret til Finanstilsynet fastsette strategien for perioden 2023–2026, som fører vidare det same samfunnsoppdraget som tidlegare. Styret har også fastsett ein kompetansestrategi og ein digitaliseringsstrategi for den same perioden.

Hovudmål

Strategien har seks hovudmål som bidrar til å operasjonalisere samfunnsoppdraget og evaluere verksemda. Dei blir brukte i rapporteringa av måloppnåinga, sjå kapittel III.

Hovudmåla til Finanstilsynet er

1. solide og likvide finansføretak
2. robust infrastruktur
3. kriminalitetsnedkjemping
4. investorvern
5. forbrukarvern
6. effektiv krisehandtering



Per Mathis Kongsrud
finanstilsynsdirektør



Anders Sanderlien Hole
*direktør for bank- og
forsikringstilsyn*



Marte Voie Opland
direktør for marknadstilsyn



Knut Haugan
*direktør for risikoovervaking
og makrotilsyn*



Kristin Tornling
*direktør for digitalisering
og rapportering*



May Camilla Bruun-Kallum
*direktør for verksemdsstyring
(frå 1. september 2025)*



Cecilie Ask
juridisk direktør



Lisbeth Strand
kommunikasjonsdirektør

Nina Moss
var direktør for verksemdsstyring fram til 1. september 2025.

Styret

Finn Arnesen

leiar

busett i Åsgårdstrand, professor ved Nordisk institutt for sjørett, Det juridiske fakultet, Universitetet i Oslo

Giuditta Cordero-Moss

nestleiar

busett i Oslo, professor ved Institutt for privatrett, Det juridiske fakultet, Universitetet i Oslo

Helge Eide

styremedlem

busett på Skedsmokorset, områdedirektør for samfunn, velferd og demokrati, KS – Kommunesektorens organisasjon

Jens-Henrik Lien

medlem

busett i Hamar, advokat og partner i advokatfirmaet Mageli

Ella Getz Wold

medlem

busett i Oslo, postdoktorstipendiat, Handelshøyskolen BI

Tonje Hovde Skjelbostad

medlem

busett i Oslo, direktør, Advokattilsynet

Tina Steinsvik Sund

medlem

busett i Trondheim, styreprofesjonell

Lokalisering

Finanstilsynet har kontor i Oslo og, frå 1. september 2025, i Hamar. Kontoret i Hamar blei offisielt opna 19. januar 2026. Dei tilsette der inngår i seksjonane og fagområda til Finanstilsynet i Oslo, men dei vil særleg arbeide med saker knytte til økonomisk kriminalitet. Ved utgangen av 2025 var det ni tilsette ved kontoret i Hamar, og i løpet av 2026 er planen å ha 20 tilsette.

Organisasjonen

Per 31.12.2025



Føretak under tilsyn

- bankar
- finansieringsføretak
- kredittføretak
- sparebank- og finansstiftingar
- gjeldsinformasjonsføretak
- betalingsføretak
- e-pengeføretak
- opplysningsfullmektigar
- forsikringsføretak
- forsikringsformidlarar
- låneformidlingsføretak
- pensjonsføretak
- marknadsoperatørar, inkl. børsar
- sentrale motpartar
- verdipapirsentralar
- verdipapirføretak
- forvaltningsselskap for verdipapirfond
- forvaltarar av alternative investeringsfond
- statsautoriserte revisorar og revisjonsføretak
- statsautoriserte rekneskapsførarar og rekneskapsføretak
- eigedomsmeklarar og eigedomsmeklingsføretak
- inkassoføretak
- administratorar av finansielle referanseverdiar
- tilbydarar av kryptoeigedelstenester (CASP)
- tilbydarar av virtuelle eigedelar (VASP)

Andre tilsynsoppgåver

- krisehandteringsmyndigheit
- makrotilsyn og regulering
- kontroll med prospekt for omsetjelege verdipapir
- kontroll av finansiell rapportering frå noterte føretak
- tilsyn med handel og marknadsåtfærd i verdipapirmarknaden
- tilsyn med ulike sider av derivatmarknaden
- tilsyn med IKT og betalingstenester og finansiell infrastruktur
- etterleving av kvitvaskingsregelverket
- tilsyn med reglane om løpande informasjonsplikt m.m. og oppgåva som tilbodsmyndigheit

Personale og organisasjon

Verksemda til Finanstilsynet krev både tverrfagleg kompetanse og spisskompetanse på dei ulike tilsynsområda. Dei største utdanningsgruppene er samfunns- og siviløkonomar, juristar og revisorar og tilsette med IKT-utdanning. Finanstilsynet arbeider kontinuerleg med å vidareutvikle organisasjonen i tråd med nasjonale og internasjonale føringar og eigne behov.

Finanstilsynet legg vekt på tiltak for å rekruttere, behalde og vidareutvikle dyktige medarbeidarar og leiarar. Tilsynet legg også vekt på intern mobilitet for å auke den totale kompetansen om verksemda. Krava til verksemda er store og aukande, mellom anna som følge av nytt regelverk og rask teknologisk utvikling. Kompetansestrategien ligg til grunn for å ha den nødvendige kompetansen for å handtere eksisterande og framtidige oppgåver i Finanstilsynet.

Lønna til direktøren var 2 067 000 kroner ved utgangen av 2025. Styreleiaren fekk eit fast årleg honorar på 350 000 kroner, nestleiarar fekk 240 000 kroner, og styremedlemmene fekk 210 000 kroner.

For meir informasjon om utbetalingar til finanstilsynsdirektøren og styret, sjå note 2 i kapittel VI *Årsrekneskap*.

Fakta

- Organisasjonen til Finanstilsynet blei styrkt i 2025 i tråd med vedtaket til Stortinget om statsbudsjettet. Styrkinga heng saman med at Finanstilsynet dei seinare åra har fått nye tilsynsområde og fleire oppgåver innan til dømes regelverksutvikling, forvaltning og rettleiing.
- Finanstilsynet hadde 358 faste stillingar ved utgangen av 2025, mot 340 året før. Ikkje alle faste stillingar var det gjorde tilsettingar i ved utgangen av året.
- Ved utgangen av 2025 hadde Finanstilsynet 360 tilsette, mot 354 ved utgangen av 2024. Dette talet inkluderer korttidsengasjement og timelønna personar.
- Antalet avtalte årsverk var 327 i 2025, mot 323 eitt år tidlegare. Avtalte årsverk er berekna ut frå talet på arbeidsavtalar totalt. Fråvær er ikkje trekt frå.
- Antalet utførte årsverk var 311 i 2025, mot 310 i 2024. Her er fråvær (som permisjonar og sjukefråvær) trekt frå og overtid inkludert.
- Finanstilsynet hadde ei utskifting av tilsette på 6,8 prosent i 2025, mot 8,4 prosent i 2024.
- Finanstilsynet hadde ingen tilsette i ufrivillig deltidsarbeid i 2025. Arbeidstakarar som ikkje er fast tilsette, er anten vikarar eller timelønna personar (studentar og pensjonistar).

Tabell 1: Antal årsverk i 2025

Avdeling	Avtalte årsverk	Utførte årsverk
Avdelinga for bank- og forsikringstilsyn	108,1	103,6
Avdelinga for marknadstilsyn	93,4	89,8
Avdelinga for risikoovervaking og makrotilsyn	40,3	37,3
Avdelinga for digitalisering og rapportering	51,5	48,4
Avdelinga for verksemdsstyring	21,4	19,7
Kommunikasjonsstaben	7,0	6,9
Finanstilsynsdirektøren m/stab	5,3	5,1
Totalt	327,1	310,8

Kjelder: Finanstilsynet/SAP for 2025

Tabell 1 viser årsverka fordelt på dei ulike avdelingane og totale årsverk. Endringane Finanstilsynet gjorde i organisasjonen i 2025, er med i denne oversikta. Årsverka frå den tidlegare seksjonen for analyse og rapportering er delte etter der den enkelte tilsette blei omorganisert til.

Finanstilsynet har hatt høg rekruttering i fleire år og lyste ut 46 ledige stillingar i 2025. Nokre av kunngjeringane

gjaldt fleire stillingar. Fleire av stillingane blei lyste ut fleire gongar, og nokre av prosessane blei avslutta tidleg i 2026. Totalt blei det tilsett 67 personar i 2025. Nokre av desse var interne, og fleire vil tiltre stillingane sine i 2026. Finanstilsynet profilerer seg særleg overfor målgruppene vi rekrutterer frå, som hovudsakleg er juristar, økonomar og IKT-utdanna. Det var krevjande å rekruttere ulike typar spisskompetanse i 2025, som det også var i 2024.

Tabell 2: Utskifting av tilsette	2021	2022	2023	2024	2025
Utskifting av tilsette (i prosent)	10,7	12,2	8,3	8,4	6,8

Kjelde: Finanstilsynet

Hovudtal frå årsrekneskapen

Tabell 3: Hovudtal frå årsrekneskapen	2024	2025
Tal på utførte årsverk	310	311
Samla tildeling (post 01–99)	kr 673 467 000	kr 661 865 000
Utnyttingsgraden på post 01–29	95,7 %	91,0 %
Sum utbetalingar til drift	kr 558 225 901	kr 582 478 662
Lønnsdel av utbetalingar til drift	69,6 %	70,0 %
Lønnsutgifter per utførte årsverk	kr 1 252 390	kr 1 310 302

Kjelde: Finanstilsynet


«Lønnsutgifter per årsverk» er summen av lønn, arbeidsgivaravgift, pensjonsutgifter og andre ytingar, som velferd og personforsikringar. Før summen blir delt

på årsverk, blir refusjonar som gjeld lønn, trekte frå. Sjå også kapittel VI *Årsrekneskap*, artskontorrapporteringa.

Alderssamansetting

Figur 1: Alderssamansettinga i Finanstilsynet i 2025

Kjelde: Finanstilsynet/SAP per 31. desember 2025



Figuren viser alderssamansettinga blant dei tilsette i Finanstilsynet. Tala inkluderer fast tilsette, midlertidig tilsette, åremålsstillingar og timelønna personar

– uavhengig av stillingsprosent. Gjennomsnittsalderen i Finanstilsynet var 47,2 år ved utgangen av 2025, mot 46,7 år eitt år tidlegare.

Tabell 4: Alderssamansettinga fordelt på avdelingane (i prosent) i 2025

Avdeling	29 år og under	30–39 år	40–49 år	50–59 år	60 år og over
Avdelinga for bank- og forsikringstilsyn	15,7	19,8	19,0	27,3	18,2
Avdelinga for marknadstilsyn	16,4	23,6	19,1	30,9	10,0
Avdelinga for risikoovervaking og makrotilsyn	14,6	29,3	17,1	14,6	24,4
Avdelinga for digitalisering og rapportering	5,6	16,7	22,2	46,3	9,3
Avdelinga for verksemdsstyring	9,5	28,6	19,0	28,6	14,3
Kommunikasjonsstaben			14,3	71,4	14,3
Finanstilsynsdirektøren m/stab				16,7	83,3
Alderssamansettinga totalt i Finanstilsynet	13,3	21,4	18,9	30,6	15,8

Kjelde: Finanstilsynet/SAP per 31. desember 2025

Kjønnsamansetting

Figur 2: Kjønnsamansettinga i Finanstilsynet i 2025



Kjelde: Finanstilsynet/SAP per 31. desember 2025

Tabell 5: Kjønnsamansetting fordelt på avdelingane (i prosent) i 2025

Avdeling	Kvinner	Menn
Avdelinga for bank- og forsikringstilsyn	45,1	54,9
Avdelinga for marknadstilsyn	60,6	39,4
Avdelinga for risikoovervaking og makrotilsyn	43,6	56,4
Avdelinga for digitalisering og rapportering	53,7	46,3
Avdelinga for verksemdsstyring	81,0	19,0
Kommunikasjonsstaben	42,9	57,1
Finanstilsynsdirektøren m/stab	66,7	33,3
Kjønnsamansettinga totalt i Finanstilsynet	53,4	46,6

Kjelde: Finanstilsynet/SAP per 31. desember 2025 – ikkje inkludert timelønna (studentar og pensjonistar)

Tabell 6: Kjønnsbalansen for heile Finanstilsynet og på avdelingsnivå i 2025 (antal)

	Alle tilsette (inkl. vikarar unnatekne timelønna personar)		Midlertidige tilsette (vikarar)		Timelønna personar (studentar og pensjonistar)	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Avdelinga for bank- og forsikringstilsyn	51	62	0	1	4	4
Avdelinga for marknadstilsyn	60	39	1	0	5	6
Avdelinga for risikoovervaking og makrotilsyn	17	22	0	0	2	0
Avdelinga for digitalisering og rapportering	29	25	0	0	0	0
Avdelinga for verksemdsstyring	17	4	1	0	0	0
Kommunikasjonsstaben	3	4	0	0	0	0
Finanstilsynsdirektøren m/stab	4	2	0	0	0	0
Sum for heile Finanstilsynet	181	158	2	1	11	10

Kjelde: Finanstilsynet/SAP per 31. desember 2025

Likestilling, inkludering og mangfald

Finanstilsynet har ei jamn kjønnsfordeling mellom kvinner og menn totalt i verksemda. Det er like mange kvinner som menn i leiarstillingar (direktørar og seksjonsleiarar). Kjønnsfordelinga i Finanstilsynet var 53,4 prosent kvinner og 46,6 prosent menn ved utgangen av 2025, og det var fem kvinner og tre menn i leiargruppa, medrekna finanstilsynsdirektøren. Blant seksjonsleiarane var fordelinga 45,5 prosent kvinner og 54,5 prosent menn. Dette inkluderer fungerande seksjonsleiarar per 31. desember 2025.

Den gjennomsnittlege tida på foreldrepermisjon i 2025 var 20,0 veker for kvinner og 11,3 veker for menn.

Gjennomsnittslønna for kvinner var 95,2 prosent av lønna til menn i 2025. Finanstilsynet vurderte i 2025 lønnsforskjellane, og statistikk over lønnsforskjellar blei diskutert med dei tillitsvalde i samband med det lokale lønnsoppgjeret i 2025. Ved tilsettingar blir kandidatar lønnsvurderte opp mot samanliknbare tilsette innanfor den same stillingskoden på tvers av organisasjonen. Lønnsforskjellane innanfor gruppene av direktørar (stillingskode 1062) og seksjonsleiarar (stillingskode 1211) skuldast mellom anna at leiarstillingane innanfor kvar av gruppene har ulikt innhald.

Tabell 7: Kvinner sin del av lønna til menn i 2025

Stillingskode	Kvinner sin del av lønna til menn	Antal kvinner	Antal menn
1062 Direktør (ekskl. finanstilsynsdirektøren)	95,3	5	2
1211 Seksjonsleiar (inkl. fungerande seksjonsleiar)	98,2	10	12
1364 Seniorrådgivar (inkl. tilsynsrådgivar og senior tilsynsrådgivar)	96,0	134	111
1434 Rådgivar	100,2	22	26
1408 Førstekonsulent	96,5	10	3

Andre stillingskodar og timelønna personar, inkludert studentar og pensjonistar, inngår ikkje.

Kjelde: Finanstilsynet/SAP per 31. desember 2025

Finanstilsynet følger kvalifikasjonsprinsippet, og diskriminering skal ikkje skje. Tilsynet er oppteken av å fremme mangfald og arbeider for å tilsette kandidatar med nedsett funksjonsevne eller høl i CV-en. Alle kvalifiserte kandidatar blir oppmoda til å søke på utlyste stillingar. Av dei nyttilsette som starta i 2025, hadde 1,9 prosent innvandrarbakgrunn. Det blei ikkje tilsett nokon kandidatar med nedsett funksjonsevne eller høl i CV-en. For Finanstilsynet er det viktig å legge til rette for at tilsette som har, eller får, nedsett funksjonsevne, kan halde fram med å arbeide. Tilsynet legg til rette for dette både fysisk og digitalt. Tilsette kan også ha heimekontor inntil to dagar i veka når arbeidsoppgåvene tillet det. Varslingsrutinane for korleis dei tilsette kan melde frå om mobbing, trakassering eller andre kritikkverdige forhold, er tilgjengelege på intranettet. Finanstilsynet gjennomfører medarbeidersamtalar kvart år og slutt-samtalar når nokon sluttar.

I krava til underleverandørar har Finanstilsynet eit standardvedlegg til alle avtalar, «Samfunnsansvar og etiske retningslinjer», som omtaler at det ikkje skal vere nokon former for diskriminering i arbeidslivet.

Lærlingar og studentengasjement

Finanstilsynet har ikkje knytt til seg nokon lærlingar, men er i ein prosess med å bli godkjend lærebedrift, og vi har som mål å ta i mot den første lærlingen hausten 2026. Tilsynet bruker i stor grad studentengasjement og har om lag 20 studentengasjement i ti seksjonar. Det er svært relevant arbeidserfaring for mellom anna økonomi- og jusstudentar, og fleire av studentane er blitt tilsette i Finanstilsynet etter enda studium.

Sjukefråvær

Det samla sjukefråværet var på 4,0 prosent i 2025, som var ein auke frå 3,7 prosent i 2024. Sjukefråværet i 2025 var høgare for kvinner enn for menn. Korttidsfråværet i 2025 gikk opp med 0,1 prosent til 1,8 prosent samanlikna med 2024. Langtidssjukefråværet gikk opp med 0,1 prosent til 2,1 prosent. Finanstilsynet har i fleire år hatt eit mål om maksimalt 3,5 prosent sjukefråvær. Finanstilsynet følger opp langtidssjukemelde og tilsette med korttidsfråvær. Sjukefråværet blir med jamne mellomrom drøfta i arbeids-, miljø- og likestillingsutvalet (AMLU).

Finanstilsynet arbeider aktivt for å halde sjukefråværet nede, mellom anna gjennom ulike fysiske aktivitets-tilbod og kampanjar.

Tabell 8: Kjønnsdelt oversikt over samla sjukefråvær (prosent)

	Samla sjukefråvær i 2024	Samla sjukefråvær i 2025
Kvinner	4,6 %	5,0 %
Menn	2,9 %	2,8 %
Begge kjønn	3,7 %	4,0 %

Kjelde: Finanstilsynet/SAP per 31. desember 2025

Tabell 9: Lokalisering av tilsette

	Oslo	Hamar
Tilsette (antal)	351	9
Tilsette (prosent)	97,5	2,5
Utførte årsverk	308,4	2,4

Kjelde: Finanstilsynet/SAP per 31. desember 2025

Finanstilsynet sitt kontor i Hamar blei oppretta 1. september 2025. Dette er spegla i «utførte årsverk».

Dokumentbehandling


Talet på registrerte saksdokument til og frå Finanstilsynet auka med 377 dokument frå 2024 til 2025, til 70 063. Figur 3 viser talet på dokument per tilsynsområde.

Dokumentinnsyn hos Finanstilsynet

I 2025 fekk Finanstilsynet til saman 7651 førespurnader om dokumentinnsyn. Dette var ein auke på over

1000 førespurnader samanlikna med året før. I alt 2420 dokument blei ikkje utleverte fordi dei var heilt unnatekne frå offentleg innsyn. Dei fleste innsynsbestillingane kjem via den offentlege elektroniske postjournalen elnnsyn.no, som er felles for alle statlege etatar.

Figur 3: Dokumentbehandling



	2023	2024	2025
Saksdokument totalt	67 870	69 686	70 063

Kjelde: Finanstilsynet

Kommunikasjon og samarbeid

Kommunikasjonstiltaka til Finanstilsynet rettar seg i første rekke mot føretaka og bransjane som Finanstilsynet har tilsyn med, men også mot ulike myndigheiter, media og allmenta.

Finanstilsynet har eit omfattande kontaktnett og eit godt samarbeid med andre myndigheiter i Noreg og i EØS-landa. Samarbeidet med politiet og andre kontroll-etater er styrkt i samband med den auka merksemda på å førebygge økonomisk kriminalitet. Tilsynet har faste møte med ulike bransje- og interesseorganisasjonar og dei største føretaka under tilsyn. Finanstilsynet svarer også på mange førespurnader frå forbrukarane.

Kommunikasjonsstrategien til Finanstilsynet viser korleis vi bruker kommunikasjon som eitt av fleire verkemiddel for å nå måla våre. Vi skal vere opne om eigne vurderingar, tilsynspraksis, data og vedtak.

Nettstaden til Finanstilsynet er hovudkanalen for informasjon og inneheld tilsynsrapportar, vedtak, publikasjonar og analysar, rettleiingar og informasjon om regelverk.

God internkommunikasjon skal bidra til at vi deler kunnskap effektivt og har eit godt arbeidsmiljø i verksemda. Kommunikasjonsstaben legg til rette for å dele informasjon i felleskanalar som intranettet og gjennom felles arrangement som allmøte, opplæring og seminar.

Formidling og rettleiing

Tilsynsområda til Finanstilsynet er regulerte av eit omfattande norsk regelverk, som i stor grad er harmonisert med regelverket i EU/EØS. Det er eit kontinuerleg behov for å rettleie føretak under tilsyn og brukarar av finansielle tenester så dei kan forstå og etterleve regelverket.

Finanstilsynet skal gi innsikt i utviklingstrekk og risikoar i føretak, bransjar og det finansielle systemet ved å dele og utvikle data og analysar. Tilsynet hadde fleire seminar for føretak, marknader og allmenta i 2025, og nettseminar om informasjon og rettleiing til føretak om regelverk og rapportering. Tilsette i Finanstilsynet deltek også på og held foredrag i regi av ulike næringar og offentlege etatar.

I mai la tilsynet fram rapporten *Risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS)* om bruken av IKT i finansføretaka. I juni og desember presenterte vi rapporten *Finansielt utsyn* som ein del av eit fagseminar om erfaringar og resultat frå tilsyn, endringar i regelverk og om tilsynsverksemda. Hausten 2025 arrangerte tilsynet den årlege pressekonferansen om bustadlånsundersøkinga, eit seminar for noterte føretak, eit seminar om forordninga om berekraftsrapportering i finanssektoren (SFDR) og eit nettseminar om EU-forordninga om digital operasjonell motstandsdyktigheit (DORA). I alt var det fire pressekonferansar, som også blei sende på nett-TV.

Hausten 2025 etablerte Finanstilsynet eit samarbeid med Nasjonal digital læringsarena (NDLA) om å tilpasse informasjon om forbrukarøkonomi, plikter og rettar i finanstenester til bruk i undervisninga på vidaregåande skolar. Vi starta også eit samarbeid med nettstaden Ung.no, som høyrer til under Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir), for lettare å nå unge forbrukarar med viktig informasjon om finans. NDLA og Ung.no kjenner desse målgruppene godt og når ut til mange gjennom tilpassa undervisning og digitale plattformar som unge menneske bruker. Finanstilsynet samarbeider med andre verksemdar som har høg kompetanse på sine felt, godt etablerte formidlingskanalar og erfaring med å tilpasse informasjonen til målgruppene sine. Vi meiner at å samarbeide med ulike kompetansemiljø bidrar til god brukar- og samfunnseffekt ved at budskapen når fram til innbyggjarane.

Mediedekning

Finanstilsynet skal bidra til at saker blir korrekt framstilte i media. I redaktørstyrte medium skal Finanstilsynet delta i den offentlege debatten der det er hensiktsmessig. Finanstilsynet får mange førespurnader frå media kvart år, og tilsynet blei nemnd i rundt 5000 saker i 2025.

I 2025 var media opptekne av korleis Finanstilsynet følgde opp økonomisk kriminalitet, særleg blant rekneskapsførarar og revisorar som har drive ulovleg eller lagde til rette for ulovleg verksemd. Finanstilsynet stansa ein forsikringsformidlar som dreiv ulovleg verksemd og braut sanksjonsregelverket, og denne saka fekk mykje merksemd. Ski-VM i Trondheim hadde tilbydd betalingstenester utan å ha konsesjon, og det blei omtalt i mange oppslag. Media er opptekne av korleis bankane har forvalta verjemålsmidla, og problemstillinga blei debattert breitt hausten 2025.

Finanstilsynet fekk også mange spørsmål om retta emisjonar og likebehandling av aksjonærar, innsidehandel og marknadsmanipulasjon. Samanlikninga av rammevilkåra til finansnæringa mellom ulike land og utflytting av føretak blei også debattert.

Tabell 10: Oversikt over føretak under tilsyn per 31. desember 2025

	2021	2022	2023	2024	2025
Bankar	117	110	106	99	91
Finansieringsføretak	29	28	26	27	25
Kredittføretak	31	30	29	29	27
Filialar i utlandet av norske bankar og andre kredittinstitusjonar	15	14	12	12	12
Filialar i Noreg av utanlandske bankar og andre kredittinstitusjonar	35	35	35	34	37
Sparebank- og finansstiftingar	39	39	45	48	58
Betalingsføretak	33	29	24	20	19
E-pengeføretak	6	5	7	9	10
Vekslings- og oppbevaringstenester for virtuell valuta	9	9	10	13	12
Låneformidlingsføretak *	12	18	19	2 149	2 346
Opplysningsfullmektigar	1	1	1	2	1
Livsforsikringsføretak	11	11	10	10	11
Skadeforsikringsføretak	51	51	48	48	46
Sjøtrygdslag	5	5	4	4	4
Filialar i utlandet av norske forsikringsføretak	14	16	10	10	9
Filialar i Noreg av utanlandske forsikringsføretak	32	32	33	32	32
Forsikringsformidlingsføretak **	111	2 275	2 455	2 478	2 512
Private pensjonskassar	48	48	43	42	41
Kommunale pensjonskassar	34	34	32	32	32
Innskotspensjonsføretak	1	1	1	–	–
Pensjonsfond	1	1	1	1	1
Holdingføretak	11	12	10	11	11
Verdipapirføretak	95	100	105	104	99
Filialar i Noreg av utanlandske verdipapirføretak	18	17	19	17	17
Forvaltningsselskap for verdipapirfond	29	29	28	29	27
Forvaltarar av alternative investeringsfond	50	56	59	61	62
Registrerte forvaltarar av alternative investeringsfond	180	190	175	179	182
Verdipapirsentralar	1	1	1	1	1
Marknadsoperatørar, inkl. børsar	4	4	4	4	3
Administratorar av finansielle referanseverdiar	6	6	6	6	5
Statsautoriserte revisorar ***	1 752	2 342	3 353	4 493	4 903
Revisjonsføretak	458	458	506	435	444
Statsautoriserte rekneskapsførarar	12 093	12 320	12 530	12 839	12 627
Rekneskapsføretak	2 779	2 699	2 597	2 469	2 390
Eigedomsmeklingsføretak	537	525	518	513	493
Advokatar med eigedomsmekling i eigen praksis	853	782	701	649	572
Framandinkassoføretak	81	76	71	63	61
Oppkjøpsføretak – inkasso	5	6	5	6	7
Gjeldsinformasjonsføretak	3	3	3	3	3


* Med den nye låneformidlingslova som tok til å gjelde frå 1. juli 2023 (med eitt års overgangsregel), har alle låneformidlingsføretak og aksessoriske låneformidlingsføretak, det vil seie føretak som har låneformidling som ei sideverksemd, løyve og er registrerte i verksemdsregisteret til Finanstilsynet.

** Med den nye forsikringsformidlingslova som tok til å gjelde frå 1. januar 2022, har alle forsikringsagentføretak og aksessoriske forsikringsagentføretak, det vil seie føretak som har forsikringsformidling som ei sideverksemd, løyve og er registrerte i verksemdsregisteret til Finanstilsynet.

*** Frå 2021 er kategorien endra til «statsautoriserte revisorar». Etter den nye lova blir revisorregisternummer tildelt i samband med godkjenning som statsautorisert revisor. I ein overgangsperiode var det ikkje alle statsautoriserte revisorar som kunne drive lovfesta revisjon. Det gjaldt 6665 revisorar per 31. desember 2021 og 6368 revisorar per 31. desember 2022, som var årsaka til nedgangen i antalet. Revisorar utan rett til å drive lovfesta revisjon er utelatne i tabellen for 2021 og 2022.

Finanstilsynet hadde ved utgangen av 2025 i tillegg kontroll med den finansielle rapporteringa til 255 noterte føretak.

Årets aktiviteter og resultat



Årets aktiviteter og resultat

Finanstilsynet skal bidra til finansiell stabilitet og velfungerande marknader ved å føre tilsyn med og rettleie verksemdar og marknader i finanssektoren. I tillegg bruker Finanstilsynet ressursar på analysar, utgreiingar og regelverksarbeid for Finansdepartementet. Departementet har gitt Finanstilsynet fullmakt til å gjennomføre kommisjonsdelegerte rettsakter (nivå 2-regelverk), som omfattar mange forordningar.

Finanstilsynet samarbeider med andre myndigheiter globalt og i EØS for å føre tilsyn med finansmarknader og finansføretak. I 2025 hadde vi tett samarbeid med dei europeiske tilsynsmyndigheitene for bank, forsikring og verdipapir (EBA, EIOPA og ESMA) og med den nye myndigheita for å nedkjempe kvitvasking og terrorfinansiering (AMLA). Vi deltok også på fleire møte i Det europeiske rådet for systemrisiko (ESRB) og i ulike tilsynskollegium.

Rapportar som oppsummerer tilsynsarbeidet på dei ulike områda i 2025, er publiserte på finansstilsynet.no.

Rapportering av måloppnåing

Finanstilsynet har seks hovudmål som er fastsette i strategien for 2023–2026 og i tildelingsbrevet frå Finansdepartementet. Ei oversikt over måla finst i kapittel II. Til måla er det knytte prioriterte tiltak og styringsparametrar som viser kva Finanstilsynet gjorde på dei ulike tilsynsområda i 2025. Rapporteringa til Finansdepartementet er ordna etter desse måla.

Mål 1 Solide og likvide finansføretak

Stabile og likvide finansføretak er avgjerande for eit trygt finanssystem. Dei må kunne oppfylle pliktene sine overfor kundane og halde viktige samfunnsfunksjonar i gang. Finanstilsynet vurderer risikoen for ustabilitet og set inn tiltak for å redusere systemrisiko. Dette skjer på grunnlag av tilsyn med enkeltføretak, tematilsyn og makroøkonomisk overvaking. Gjennom krav til kapital og likviditet, og ved løpande tilsyn, ser Finanstilsynet til at føretaka har god soliditet, trygg finansiering, kompetent leiing og god styring av risiko og verksemd. Finanstilsynet gir også råd til politiske myndigheiter om krav og tiltak som kan redusere risikoen i finanssystemet.

Høg gjeld i hushalda og høge bustad- og eigedomsprisar er framleis dei største sårbarheitene i det norske finansielle systemet. I tillegg skaper geopolitiske spenningar og politisk uro stor usikkerheit om den økonomiske utviklinga. I 2025 gjennomførte Finanstilsynet risikobaserte tilsyn for å sikre at føretaka er solide, likvide og har god styring. Dette gjer dei betre rusta til å handtere uventa hendingar.

I 2025 gjennomførte Finanstilsynet i stor grad tilsynsaktivitetane som blei planlagde ved starten av året. Her er nokre eksempel på aktivitetar Finanstilsynet har gjennomført med sikte på å bidra til at finansføretaka er solide og likvide. Finanstilsynet har

- overvaka finansiell stabilitet gjennom stresstesting og makroanalysar. Fleire av desse er publiserte på nettsidene våre, til dømes rapporten *Finansielt utsyn*. Tilsynet har også gitt vurderingar av nivået på makrotilsynsbufferar, vesentlegheitsgrensa for den norske systemrisikobuffaren og risikovekter for kommuneeksponeringane til norske bankar.

- følgt opp soliditet og likviditet i føretaka, mellom anna ved å overvake nøkkelindikatorar, analysere risiko og fastsette individuelle kapitalkrav
- samarbeidd med tilsynsmyndigheiter i andre land om kapitalkrav for dei største utanlandske føretaka
- ført tilsyn med interne modellar, tapsmodellar og porteføljekvalitet og kontrollert at føretaka har god styring, og at dei følger reglane
- arbeidd med nytt og kommande regelverk og rettleiing. I 2025 blei mellom anna kapitalkravsreglane betydeleg endra ved at EU si kapitalkravsforordning (CRR3) blei innført. Finanstilsynet har også forvalta gjeldande regelverk gjennom å svare på spørsmål og behandle søknader, meldingar og klager på vedtak.
- følgt særskild opp store føretak og systemviktige bankar i lys av marknadsuro og geopolitisk risiko, i tillegg til mindre utsette føretak
- følgt opp berekraft og klimarisiko som ein del av føretaka si risikostyring

Styringsparametrar	2022	2023	Resultatmål		Resultat 2025
			2024	2025	
Antal tilsyn i bankar, kredittføretak og finansieringsføretak (stadlege og dokumentbaserte samla)	32	18	31	31	29
Antal gjennomførte SREP-ar (risiko- og kapitalbehovsvurderingar)	42	41	45	48	48
Antal tilsyn med forsikrings- og pensjonsføretak (stadlege og dokumentbaserte samla)	20	15	12	7	7

Mål 2 Robust infrastruktur

Ein robust finansiell infrastruktur er ein grunnleggande føresetnad for fullgode system for betalingar, handel, prissetting og oppgjør i finansmarknaden. Svikt i infrastrukturen kan raskt føre til omfattande stans i kritiske tenester og få alvorlege samfunnskonsekvensar. Det er derfor avgjerande å halde risikoen for systemsvikt låg og sikre god beredskap for rask gjenoppretting dersom svikt oppstår. Gjennom konsesjonskrav og tilsyn med finansføretak, verdipapirføretak og infrastrukturføretak bidrar Finanstilsynet til at føretaka har tilfredsstillande styring og kontroll med IKT-risiko og annan operasjonell risiko.

Finanstilsynet følger nøye med på endringane i infrastrukturen for varederivatmarknaden i Noreg, særleg den planlagde avviklinga av Nasdaq Oslo si verksemd knytt til handel i kraftderivat. Finanstilsynet deltek også aktivt i tilsynskollegiet for Euronext-konsernet, der det i aukande grad blir gjennomført felles tilsynsprosjekt.

Tilsyn med verksemdene si styring og kontroll med IKT-verksemda, overvaking av truslar mot IKT-systema og gjennomføring av cybersikkerheitstiltak er prioriterte oppgåver. I 2025 hadde Finanstilsynet løpande samarbeid med fleire myndighetsorgan for å sikre tryggleiken i den finansielle infrastrukturen.

I 2025 gjennomførte Finanstilsynet i stor grad tilsynsaktivitetane som blei planlagde ved starten av året. Her er nokre eksempel på aktivitetar Finanstilsynet har gjennomført med sikte på å bidra til ein robust infrastruktur. Finanstilsynet har

- samarbeidd med andre myndigheiter om beredskap i det finansielle systemet og mellom anna deltatt i nasjonale arbeidsgrupper for beredskap i det digitale betalingssystemet, starta kartlegging av

systemisk IKT-risiko i samarbeid med Noregs Bank, leia Beredskapsutvalet for finansiell infrastruktur (BFI) og deltatt i ei nasjonal sikkerheitsøving. Finanstilsynet samarbeidde også med tilsynsmyndigheiter i andre land.

- følgt opp enkelte føretak, mellom anna gjennom tilsyn på IKT-området. Tilsyna avdekte svakheiter og sårbarheiter i føretaka si oppfølging av leverandørar. Finanstilsynet har også følgt opp føretaka si utkontrakterte verksemd og strukturendringar knytte til handelsplattformer.
- kartlagt og publisert risikoar og sårbarheiter i ein ROS-analyse
- arbeid med nytt og kommande regelverk og rettleiing. I 2025 blei nytt regelverk om digital operasjonell motstandsdyktigheit i finanssektoren (DORA) innført i Noreg.
- arbeid med overgangen til ein kortare oppgjerssyklus i verdipapirmarknaden (T+1)

Styringsparametrar	2022	2023	2024	Resultatmål 2025	Resultat 2025
Antal tilsyn med betalingsføretak og e-pengeføretak (stadlege og dokumentbaserte samla)	2	2	1	0	0
Antal tilsyn med infrastrukturføretak	1	3	2	0	0
Antal tilsyn med føretaka sin bruk av IKT-system og cybersikkerheitstiltak	22	21	16	15	19*
Nøkkeltal					
Antal IKT-hendingar og andel IKT-hendingar som er følgde opp	287 av desse 265	408 av desse 393	359 av desse 339		313 av desse 299
	operasjonelle og 19 sikkerheits-hendingar	operasjonelle og 15 sikkerheits-hendingar	operasjonelle og 20 sikkerheits-hendingar		operasjonelle og 14 sikkerheits-hendingar

* I tillegg blei det utført sju dokumentbaserte tilsyn med bruk av IKT-system og cybersikkerheitstiltak.

Mål 3 Kriminalitetsnedkjemping

Ulovleg verksemd har store samfunnskostnader, svekker tilliten til finansmarknadene og representerer urimeleg konkurranse for føretak som driv verksemd innanfor regelverket. Finanssektoren skal sjølv førebygge at finansføretak og andre aktørar blir utnytta i kriminelle aktivitetar. Finanstilsynet fører tilsyn med at føretaka etterlever pliktene i regelverket for kamp mot kvitvasking og terrorfinansiering. Tilsynsverksemda bidrar til å førebygge ulovleg verksemd, og lovbrøt som blir avdekte i føretak under tilsyn, blir følgde opp. Ved mistankar om alvorleg økonomisk kriminalitet blir forholdet meld til politiet. Finanstilsynet sitt tilsyn med revisjon og rekneskapsføring bidrar også til å førebygge og avdekke økonomisk kriminalitet. Samarbeid med andre kontrollmyndigheiter er ein del av dette arbeidet.

Finanstilsynet sin innsats mot økonomisk kriminalitet blei styrkt i 2025 ved at det blei oppretta ein ny tenestestad i Hamar med nye stillingar, som ved årsskiftet hadde ni tilsette. Denne satsinga prioriterer i første omgang tilsynet med rekneskapsførarar og revisorar, tiltak mot kvitvasking og oppfølging av ulovleg låne- og investeringsverksemd. Dette er i tråd med føringane i statsbudsjettet for 2025. Den auka innsatsen mot økonomisk kriminalitet vil etter kvart bli utvida til å omfatte fleire område.

Det er viktig å utnytte dei samla ressursane i offentleg sektor på ein mest mogleg effektiv måte gjennom god samhandling og informasjonsdeling. Finanstilsynet har eit omfattande samarbeid med politiet og andre kontrollmyndigheiter, som er vidareutvikla mellom anna gjennom hospitering ved etterretningssenteret til Økokrim, auka samarbeid med og hospitering ved Politiets tryggingsteneste (PST) og kontakt med andre offentlege etatar, som Skatteetaten, på ulike nivå. Finanstilsynet deltar også i det offentleg-private samarbeidet om økonomisk kriminalitet (OPS ØK). Finanstilsynet har deltatt i oppstarten av den nye europeiske myndigheita for kamp mot kvitvasking og terrorfinansiering (AMLA).

I innsatsen mot økonomisk kriminalitet har myndighetene og aktørane i finanssektoren i stor grad samanfallande interesser, og Finanstilsynet har derfor etablert eit tettare samarbeid med andre myndigheiter og bransjeorganisasjonar. Datatilsynet, Finanstilsynet og fleire føretak samarbeidde i 2025 om prosjekt i ein regulatorisk sandkasse for å utforske moglegheitene for datadeling for å førebygge og hindre økonomisk kriminalitet. I alt blei det gjennomført fire sandkasseprosjekt. På bakgrunn av prosjekta sende Finanstilsynet i august 2025 eit utkast til høyringsnotat til Finansdepartementet med forslag til endringar i finansføretakslova for å fremme datadeling og styrke kampen mot økonomisk kriminalitet. Sluttrapportane frå prosjekta er publiserte på finansstilsynet.no.

Føretaka som er underlagde kvitvaskingsregelverket, har ei viktig rolle i å førebygge og avdekke kvitvasking og terrorfinansiering. Finanstilsynet har, til liks med andre europeiske tilsynsmyndigheiter, trappa opp aktiviteten på dette området.

Gjennom 2025 arbeidde Finanstilsynet med å ferdigstille fleire pågåande kvitvaskingstilsyn i bankar, der tilsyna blei starta opp i perioden 2022–2024. Fem tilsyn blei avslutta i løpet av første kvartal 2025, og eitt blei avslutta med brev til tilsynsmyndigheita i føretaket sitt heimland. For to bankar blei den endelege tilsynsrapporten publisert i mars og juni, mens dei endelege rapportane for to andre bankar blei publiserte i juni etter meir avgrensa tilsyn. I løpet av året publiserte tilsynet også ein rapport etter eit tematisyn om terrorfinansiering. To tilsyn frå denne perioden står igjen, og desse er venta å bli ferdigstilte i løpet av første tertial 2026.

Finanstilsynet har i 2025

- ilagt fleire lovbrøtsgebyr for grove eller gjentatte brot på kvitvaskingsregelverket. Tilsynet publiserte også rapportar frå tematisyn om handtering av risikoen for terrorfinansiering i utvalde bankar og frå oppfølginga av bankar som var involverte i ulovleg låneformidling i Stavanger-området.
- arrangert den årlege kvitvaskingskonferansen saman med Finans Norge og Økokrim og bidratt med innlegg om kvitvasking og økonomisk kriminalitet på ulike andre seminar og undervisningsstader. Finanstilsynet har også deltatt i andre forum om førebygging og nedkjemping av økonomisk kriminalitet.
- deltatt i førebuingane til den kommande land-evalueringa til Financial Action Task Force (FATF)
- bidratt med informasjon til allmenta på nettstaden og LinkedIn-profilen vår om risikoar knytte til å investere i verdipapirmarknadene og gjennom foredrag og

media. Temaa omfatta nettbasert svindel, «pump and dump» av aksjar, åtvaringar om kryptoeigedelar, ulovleg investeringsrådgiving gjennom sosiale medium og forbodet mot marknadsmisbruk.

- fulgt opp signal om ulovleg verksemd på fleire tilsynsområde. Finanstilsynet har vidare meldt til politiet misbruk av logoen til eit verdipapirføretak og forfalsking av brev frå Finanstilsynet.
- kartlagt og vurdert tiltak for å redusere risikoen ved pengeoverføringar og starta arbeidet med å kjøpe eit system for å overvake ordrar og handlar på Oslo Børs

- prioritert arbeidet med nytt og kommande regelverk. Finanstilsynet deltok mellom anna i ei arbeids- og styringsgruppe som greier ut norsk gjennomføring av EU sin sjette antikvitvaskingspakke, foreslått endringar i finansføretakslova for å fremme informasjonsdeling og publisert ei rettleiing om relevante modus for terrorfinansiering etter PST si trusselvurdering.

Styringsparametrar	2022	2023	2024	Resultatmål 2025	Resultat 2025
Antal kvitvaskingstilsyn i bankar	6	3	5	7	0
Antal kvitvaskingstilsyn i øvrige typar rapporteringspliktige føretak	72	55	52	45	28

Nøkkeltal	2022	2023	2024	2025
Antal signal på ulovleg verksemd og antal signal som er følgde opp:				
Yting av investeringstenester	9 saker følgde opp	32 signal og 8 følgde opp	29 signal og 8 følgde opp	29 signal og 18 følgde opp
Eigedomsmeklingsverksemd		13 signal og 2 følgde opp	21 signal og 2 følgde opp	20 signal og 3 følgde opp
Rekneskapsførarverksemd	2 saker følgde opp	27 signal og 24 følgde opp	7 signal og 5 følgde opp	50 signal og 36 følgde opp
Inkassoverksemd				8 signal og 3 følgde opp
Låneformidlingstenester	2 saker følgde opp			
Saker om virtuell valuta	1 sak følgde opp			
Antal mistenkelege saker knytte til marknadsåtfærd som er undersøkte	324	457	384	522
Antal saker om rekneskapsføretak si moglege tilrettelegging av økonomisk kriminalitet og antal som er følgde opp				15 signal og 2 følgde opp

Mål 4 Investorvern

Påliteleg og tilstrekkeleg informasjon er ein grunnleggjande føresetnad for vel-
fungerande marknader som kan bidra til effektiv allokering og prising av risiko og
kapital. Finanstilsynet bidrar til at noterte føretak gir rettvise og rettidig
informasjon, og til at prospekt og årsrekneskap held ein tilfredsstillande kvalitet.
Gjennom tilsyn med verdipapirføretak og effektiv handheving av åtferdsreglane
i verdipapirmarknaden bidrar Finanstilsynet til å styrke marknadsdisiplin og
investorvern.

Ein viktig del av tilsynsaktiviteten er jamleg informasjon og rettleiing om ulike risikoar ved investeringar. I 2025 publiserte tilsynet mellom anna åtvaringar mot enkeltføretak, om nettbasert svindel, «pump and dump»-metodar og anna marknadsmanipulering, og om ulovleg investeringsrådgiving i sosiale medium.

I 2025 blei ansvaret for tilsynet med reglane om løpande informasjonsplikt, utsett offentleggjering av insideinformasjon, tilbakekjøp av aksjar og kursstabilisering, og oppgåva som tilbodsmyndigheit overført frå Oslo Børs til Finanstilsynet. Overgangen blei gjennomført utan vesentlege avvik, trass i eit uvanleg høgt sakstal.

Tilsynsaktivitetane blei i all hovudsak gjennomførde som planlagt. Her er nokre eksempel på aktivitetar Finanstilsynet har gjennomført med sikte på å bidra til eit godt investorvern.

Finanstilsynet har

- gjennomført tilsyn med revisjonsføretak og revisorar, verdipapirføretak, forvaltningsselskap og forvaltarar av alternative investeringsfond. Nokre tilsyn resulterte i tilbakekall av løyve og nokre i lovbrotsgebyr.

- overvaka og følgd opp åtferden i verdipapirmarknaden. Dette har resultert i fleire lovbrotsgebyr. Mellom anna fekk eit notert utskrivarføretak eit lovbrotsgebyr på 10 millionar kroner for ulovleg spreieing av insideinformasjon i samband med analytikarsamtalar. I tillegg er sju saker melde til politiet.
- tatt over ansvaret for tilsynet med informasjonsplikt og utsett offentleggjering og har i perioden 1. april til 31. desember behandla 67 saker og godkjent ti overtakstilbod og tre dispensasjonssøknader
- utarbeidd mellom anna eit høyringsnotat om administrative sanksjonar i saker om insidehandel, eit høyringsnotat om inntektsdelingsavtalar for forvaltningsselskap og eit forslag til gjennomføring av endringar i dei europeiske reglane for alternative investeringsfond og verdipapirfond
- kontrollert rekneskapsrapportering frå børsnoterte føretak og følgd opp identifiserte avvik for å sikre rettvise og rettidig informasjon til marknaden

Styringsparametrar	2022	2023	2024	Resultatmål 2025	Resultat 2025
Antal kontrollerte rekneskap i børsnoterte føretak	18	26	25	15	15
Antal tilsyn med forvaltningsselskap for verdipapirfond, inkludert AIF-forvaltarar	5	2	6	7	13
Antal tilsyn med verdipapirføretak	8	50	23	26	11
Antal tilsyn med revisorar	25	24	30	25	39

Nøkkeltal	2022	2023	2024	2025
Antal kontrollerte prospekt	105	105	91	111
Antal vedtak om lovbrotsgebyr relaterte til shortsål	3	11	2	2
Antal vedtak om lovbrotsgebyr relaterte til primærinnsidarar og nærstående si meldeplikt	2	6	7	1
Antal vedtak om lovbrotsgebyr relaterte til flaggeplikt	6	7	2	6

Mål 5 Forbrukarvern

Godt forbrukarvern er avgjerande både for den enkelte forbrukaren og for tilliten til aktørane i finansmarknaden. Tenestetilbydarane skal vareta interessene til kundane og ta omsyn til føresetnadane deira for å forstå produkta. Finanstilsynet styrker forbrukarvernet gjennom tilsyn med at føretaka tilbyr og formidlar lån, forsikrings- og pensjonsprodukt, fondsprodukt og andre finansielle instrument og eigedom på ein forsvarleg måte. Også tilsynet med inkassoføretaka styrker forbrukarvernet. Oppfølging av soliditets- og sikkerheitskrav gir forbrukarar tryggleik for at produktleverandørane kan oppfylle pliktene sine.

Lovkrav om forbrukarvern og handtering av interessekonfliktar står sentralt i tilsynet med verdipapirføretak, forvaltningsselskap og finansføretak. Føretaka skal opptre ærleg, heiderleg og profesjonelt i tråd med kundane sine beste interesser og sjå til at integriteten til marknaden blir vareteken på beste måte. Regelverk og tilsyn skal også bidra til at føretaka har god internkontroll og bevisst risikohandtering.

Forbrukarane er avhengige av god informasjon, og Finanstilsynet har ei eigen nettside med rettleiing og informasjon til forbrukarar. For å nå unge forbrukarar med viktig informasjon om finans tok tilsynet i 2025 initiativ til å etablere eit samarbeid med Nasjonal digital læringsarena (NDLA) om forbrukarøkonomi i undervisninga i vidaregåande skolar, og eit samarbeid med nettstaden Ung.no. Sjå også kapittel II, side 17. Finanstilsynet svarte også på mange førespurnader frå forbrukarar i 2025.

Rekneskapsføretaka har ein viktig funksjon for dei minste aksjeselskapa og enkeltpersonføretaka. Finanstilsynet følger opp at desse føretaka etablerer kvalitetsstyringsystem som sikrar at oppdragsgivarane sine interesser blir varetekne.

Tilsynsaktivitetane blei gjennomførde som planlagt. Her er nokre eksempel på aktivitetar Finanstilsynet har gjennomført med sikte på å bidra til eit godt forbrukarvern.

Finanstilsynet har

- følgd opp ulovleg verksemd og kravd stans av verksemd for både forsikringsformidling og låneformidling og nekta registrering av ein låneformidlar. Finanstilsynet har også kalla tilbake fleire eigedomsmeklarbrev etter alvorlege regelbrot, mellom anna knytte til verdsetting og mangelfull rådgiving.
- gjennomført fleire tilsyn der forbrukarvern har vore eit viktig tema, i både eigedomsmeklingsføretak, framandinkassoføretak, bankar og verdipapirføretak. Finanstilsynet har også undersøkt korleis forsikringsformidlarar behandlar klientmiddel.
- følgd opp saker der teknisk svikt i banksystem påførte kundar ulemper og moglege kostnader knytte til inkasso
- bistått Finansdepartementet ved utbetaling til dei forsikra etter konkursen i danske Alpha Insurance A/S

Styringsparametrar	2022	2023	2024	Resultatmål	Resultat
				2025	2025
Antal tilsyn med eigedomsmeklingsføretak	14	16	11	12	7
Antal tilsyn med inkassoføretak	6	7	6	6	4
Antal tilsyn med gjeldsinformasjonsføretak	0	0	0	0	0
Antal tilsyn i finansføretak der ein vesentleg del av tilsynet omhandlar forbrukarvernrelaterte tema	2	1	7	7	6
Antal tilsyn med forsikringsformidlarar	0	2	1	2	0
Antal tilsyn med føretaka sin bruk av låneformidlarar				0	5
Antal tilsyn med rekneskapsførarar	44	51	39	20	17

Mål 6 Effektiv krisehandtering

Beredskap for å handtere kritiske situasjonar er viktig for å oppretthalde tilliten til det finansielle systemet. Finanstilsynet har etablert beredskap for krisehandtering både i enkeltføretak og i marknaden for å redusere risikoen for omfattande og varige skadeverknader for finanssektoren og kundane. Krav om gjenopprettingsplanar for bankar og verdipapirføretak og Finanstilsynet sine egne krisehandteringsplanar skal bidra til at kritiske forhold blir handterte på ein tilfredsstillande måte. Rask og relevant informasjon til allmenta er også ein sentral del av kriseberedskapen.

Eit høgare internasjonalt spenningsnivå og usikkerheit om verknadene av endra handelspolitikk bidrar til høg geopolitisk og realøkonomisk risiko og usikkerheit. Samtidig fører krig og endringar i det digitale trusselbiletet til behov for høg generell beredskap. I 2025 arbeidde Finanstilsynet for å styrke eigen og føretaka sin beredskap. Ut frå eit forenklingsspektiv blei det valt å innfase krisetiltaksplanar og MREL-krav i færre føretak enn det som opprinneleg var planlagt.

Her er nokre eksempel på aktivitetar Finanstilsynet har gjennomført med sikte på å bidra til effektiv krisehandtering.

Finanstilsynet har

- samarbeidd med andre tilsynsmyndigheiter for å styrke beredskapen i det finansielle systemet
- gjennomgått og gitt tilbakemelding på føretaka sine beredskapsplanar
- gjennomgått og forbetra egne beredskapsplanar med læringspunkt frå den nordisk-baltiske bankkriseøvinga som blei gjennomført hausten 2024
- fastsett nye minstekrav til summen av ansvarleg kapital og konvertibel gjeld (MREL) for fleire føretak og oppdatert gjeldande krav for dei største føretaka

Styringsparametrar	2022	2023	2024	Resultatmål	Resultat
				2025	2025
Antal krisetiltaksplanar og MREL-krav for bankar som er fastsette av Finanstilsynet	13	13	9	25	16
Antal gjenopprettingsplanar for bankar som er vurderte av Finanstilsynet	13	7	17	17	17

Andre aktivitetar

Prosjekt om å forenkle tilsynsverksemda

Finanstilsynet iverksette på oppdrag frå Finansdepartementet eit prosjekt om å endre praksis og prosessar i eiga verksemd som kan forenkle og effektivisere arbeidet til føretak under tilsyn. Ei intern arbeidsgruppe arbeidde med å identifisere moglege forenklingstiltak, og tilsynet bad bransjeorganisasjonar og utvalde føretak om innspel og om å delta i arbeidet. Prosjektet fann ei rekke tiltak som kan forenkle regelverk, rapportering, tilsyns- og forvaltingsprosessar og rettleiing, og tilsynet arbeider vidare med konkrete tiltak som vil innebere vesentleg forenkling for næringa. Finanstilsynet prioriterer tiltak som ikkje svekker samfunnsoppdraget, men som gir effektive og risikobaserte prosessar, og som gjer tilsynsverksemda føreseieleg for føretaka. Finanstilsynet har også samarbeidd med andre tilsynsmyndigheiter og næringa om korleis regelverket kan bidra til betre samhandling og datadeling i den felles satsinga for å nedkjempe økonomisk kriminalitet. Tilsynet har gjennomført ei rekke mindre forenklingstiltak og vil i 2026 publisere ein forenklingslogg på nettstaden med oversikt over alle gjennomførte tiltak.

Gjennomgang av styringsparametrar

Finanstilsynet fortsette i 2025 arbeidet med å vurdere styringsparametrane og vidareutvikle mål- og resultatstyringssystemet. Tilsynet arbeider vidare med dette i 2026 saman med den nye strategien for Finanstilsynet for 2027–2030.

Styring og kontroll
i verksemda



Styring og kontroll i verksemda

Ny finanstilløyslov

Verksemda til Finanstilløysnet er regulert gjennom finanstilløyslova og særlovgiving på dei ulike tilsynsområda. Stortinget fastsette i 2024 ei ny finanstilløyslov, som trede i kraft 1. april 2025. Den nye lova stadfestar at føremålet til Finanstilløysnet er å bidra til finansiell stabilitet og velfungerande marknader. Etter den nye lova blir Finanstilløysnet leia av finanstilløysdirektøren. Styret til Finanstilløysnet behandlar og avgjer enkeltsaker der den ordinære instruksjonstilgangen til Finansdepartementet er avgrensa (sjå finanstilløyslova § 1-4). Ei ny finanstilløysklagenemnd blei oppretta samtidig, og denne nemnda behandlar klager på enkeltvedtaka til Finanstilløysnet, som Finansdepartementet avgjorde tidlegare.

Leiinga

Finanstilløysdirektøren blir tilsett av Finansdepartementet på åremål for ein periode på seks år. Åremålet kan bli gjentatt for ein periode på inntil seks år. Den daglege leiinga blir utøvd av ei leiargruppe med åtte medlemmer, som forutan finanstilløysdirektøren består av fem avdelingsdirektørar, den juridiske direktøren og kommunikasjonsdirektøren.

Styret

Styret til Finanstilløysnet har sju medlemmer. Medlemmene blir oppnemnde av Finansdepartementet for ein periode på inntil fire år, og dei kan bli oppnemnde på nytt for ein samla periode på inntil tolv år. Finansdepartementet utpeikar styreleiaren og nestleiaren. Styret har fastsett ein forretningsorden for arbeidet sitt, som er tilgjengeleg på nettstaden til Finanstilløysnet. Etter forretningsordenen skal leiaren for styret og finanstilløysdirektøren sørge for at relevante saker blir lagde fram for styret, og at arbeidet til styret er organisert på ein hensiktsmessig og effektiv måte. Finansdepartementet fastsette instruks for styret 31. mars 2025. Etter instruksjonen skal Finanstilløysnet rapportere om arbeidet til styret årleg.

Organisasjonen

Finanstilløysnet er delt inn i tre tilsynsavdelingar, éi avdeling for digitalisering og rapportering og éi avdeling for verksemdsstyring. Kvar avdeling blir leia av ein avdelingsdirektør. Avdelingane er delte inn i seksjonar, og kvar seksjon blir leia av ein seksjonsleiar. Den juridiske direktøren og funksjonane som sikkerheitsansvarleg, personvernombod og kontrollar er plasserte i staben til direktøren. Ein eigen kommunikasjonsstab har ansvaret for ekstern og intern kommunikasjon.

Kvart fjerde år utarbeider tilsynet ein strategi for verksemda. Saman med tildelingsbrevet og andre oppdrag frå Finansdepartementet er strategien grunnlaget for dei årlege planane for verksemda. Planane for verksemda er grunnlaget for den daglege styringa og for rapporteringa til departementet.

Tildelingsbrevet er det sentrale styringsdokumentet i styringsdialogen mellom Finansdepartementet og Finanstilløysnet. Etter første og andre tertial rapporterer Finanstilløysnet om kva for aktivitetar som er gjennomførte, og om andre saker i tråd med bestillinga i tildelingsbrevet. Denne rapporteringa er ein del av grunnlaget for departementet si evaluering av måloppnåinga til Finanstilløysnet. Tilsynet rapporterer i tillegg årleg gjennom årsrapporten. Styret har normalt møte kvar månad bortsett frå juli. Sjå omtalen under av arbeidet til styret i 2025.

Finanstilløysnet legg risikovurderingar til grunn for tilsynsarbeidet og utarbeider årlege risiko- og sårbarheitsanalyser for si eiga verksemd.

Finanstilløysnet er underlagd årleg revisjon frå Riksrevisjonen, og rapporten frå Riksrevisjonen blir publisert på nettstaden til Finanstilløysnet. Sjå kapittel VI *Årsrekneskap*.

Arbeidet til styret i Finanstilsynet i 2025

Frå 1. januar til 31. mars 2025 hadde styret til Finanstilsynet det overordna ansvaret for verksemda i Finanstilsynet. Styret skulle i perioden ha fem medlemmer, to varamedlemmer og to representantar for dei tilsette. I perioden fungerte ein av varamedlemmene som styremedlem. I denne perioden hadde styret tre styremøte og behandla seks administrative saker og 14 fagsaker.

Blant dei administrative sakene var

- disponering av budsjettet til Finanstilsynet for 2025
- årsrekneskapen og årsrapporten for 2024
- planen for verksemda for 2025
- gebyrsatsar for å behandle tilbodspliktsaker
- enkelte endringar i organisasjonen til Finanstilsynet

Fagsakene omfatta

- ein høyringsuttale til NOU 2024: 22 *Norske sparebanker – tradisjon og tilpasning*
- ein høyringsuttale til endringar i inkassolova
- ein høyringsuttale til NOU 2024: 21 *Trygge og enkle betalinger for alle*
- Finanstilsynet sitt råd til Finansdepartementet om tiltak for å redusere risiko for kvitvasking og terrorfinansiering ved pengeoverføringar
- opptak av prosjekt om datadeling i Finanstilsynet sin regulatoriske sandkasse
- søknad om løyve til å slå saman to sparebankar
- Finanstilsynet sitt råd til Finansdepartementet om å opne for at forvaltingsselskap for verdipapirfond kan inngå avtalar om inntektsdeling
- ei klage på avslag på søknad om løyve til å drive verksemd som betalingsføretak
- eit løyve til å kjøpe ein kvalifisert eigarandel i eit kredittføretak
- ei klage på pilar 2-vedtak
- Finanstilsynet sitt råd til Finansdepartementet om kva bankar som skal reknast som systemviktige i 2026
- Finanstilsynet sitt råd til Finansdepartementet om fornøye vurdering av behovet for å innføre nasjonale reglar om variabel godtgjering i verdipapirføretak

Den nye tilsynslova tredde i kraft 1. april 2025. Det nye styret har sju medlemmer. Frå 1. april og ut 2025 hadde styret åtte styremøte og behandla 60 fagsaker. Desse sakene omfatta

- to tilbakekall av eigedomsmeklarbrev
- eit varsel om tilbakekall av løyve som fondsforvaltingsselskap
- ei klage på avslag på ein søknad om å kunne ha fleire styreverv i finansføretak enn det som er hovudregelen i finansføretakslova
- ei klage på eit pålegg til ein sparebank om å endre fordelinga mellom grunnfondskapital og eigarandelskapital
- fire varsel om lovbrotsgebyr etter revisorlova
- eit varsel om lovbrotsgebyr til eit verdipapirføretak for lovbrøt etter kvitvaskingslova
- tilbakekall av løyve til å yte investeringstenester
- tre klager på vedtak om avslag på dekking av sakskostnader
- foreløpige SREP-vurderingar av åtte føretak
- løyve til endringar i interne modellar for føretaksporteføljor til fem bankar
- løyve til utkontraktering av enkelte kjerne-tenester frå Verdipapirsentralen ASA og ei klage på avslag på ein søknad om utkontraktering av ei spesifikk teneste
- to løyve til unntak frå lova om obligatorisk tenestepensjon
- ei klage på avslag på ein søknad om registrering som låneformidlar
- varsel til seks børsnoterte føretak om lovbrotsgebyr for forseinka finansiell rapportering
- fire varsel om lovbrotsgebyr for ulovleg spreieing av innsideinformasjon og for marknadsmanipulasjon
- ei klage frå ein sparebank på vedtak om lovbrotsgebyr for brot på kvitvaskingslova
- to klager på avslag på søknader om godkjenning som statsautorisert rekneskapsfører
- ei klage på avslag på ein søknad om godkjenning som statsautorisert revisor
- to klager på vedtak om tilbakekall av godkjenning som statsautorisert revisor
- to klager på vedtak om tilbakekall av eigedomsmeklarbrev
- ei klage frå eit børsnotert føretak på lovbrotsgebyr for forseinka finansiell rapportering

- eit varsel om lovbrotsgebyr for eit børsnotert føretak sitt brot på informasjonsplikta til marknaden
- avslag på ein søknad om registrering som forvaltar av eit alternativt investeringsfond som følge av at fondet innebar konsesjonspliktig finansieringsverksemd
- avslag på ein søknad om unntak frå norske reglar om overtakingstilbod
- avslag på ein søknad om konsesjon som låneformidlar

- pålegg om stans av ulovleg forsikringsverksemd
- eit varsel om gebyr for brot på prospektplikta
- løyve til å endre ein internmodell i eit forsikringsføretak
- avslag på ein søknad frå ein bank om unntak frå kravet til kapital på solonivå

Gjennom 2025 fekk styret ei rekke saker til orientering.

Effektiv drift og organisasjonsutvikling

Finanstilsynet arbeider kontinuerleg med å identifisere og sette i verk tiltak som kan forbetre, effektivisere og digitalisere tilsynsmetodar, arbeidsprosessar og saksbehandlingsrutinar.

I 2025 oppretta Finanstilsynet ein ny tenestestad i Hamar som eit ledd i å styrke arbeidet mot økonomisk kriminalitet. Her har vi samla ulike kompetanse- og fagmiljø og styrkt tilsynsarbeidet, mellom anna ved å samarbeide meir på tvers.

I 2025 arbeidde Finanstilsynet vidare med å effektivisere og digitalisere arbeidsprosessar, som interne prosessar for å behandle søknadar og løyve. Målet er å harmonisere og effektivisere saksbehandlinga på tvers av tilsynsområda og bidra til at rutinane er meir føreseielege for føretaka under tilsyn. Nye prosessar, rutinar og malar blir tatt i bruk i 2026. Finanstilsynet har også arbeidd vidare med å effektivisere tilsynsprosessane og skrive brev og rapportar i eit klart språk i tråd med nye prosessar, som blei innførte i 2024. Hausten 2025 fastsette Finanstilsynet nye retningslinjer for saksbehandlinga si. Målet med retningslinjene er å sørge for god styring og dokumentasjon av saksbehandlinga, meir effektiv ressursbruk for Finanstilsynet og kortare saksbehandlingstid for tilsynseiningane.

Tilsette med god og relevant kompetanse er den viktigaste ressursen til Finanstilsynet. Kompetansestrategien legg vekt på samfunnsoppdrag og verksemdsforståing, marknadsforståing og bransjekunnskap, tilsynsfagleg kompetanse, digital kompetanse og leiing, og han blir følgt opp på seksjons-, avdelings- og organisasjonsnivå. I 2025 blei kompetansestrategien mellom anna følgt opp gjennom kurs for nytilsette, digitale kurspakkar i læringsplattforma for medarbeidarar og leiarar, og kurs for ulike digitale verktøy, som Microsoft Copilot, og praktisk kurs i klarspråk for alle

som arbeider med tilsyn, og eit kurs for leiarar og andre som skriv stillingsannonser. Tilsette får tilbod om å hospitere i andre seksjonar/avdelingar for å auke eigen kompetanse og arbeide meir tverrfagleg. Vi arrangerte også interne fagdagar.

Dei administrative funksjonane til Finanstilsynet er støttefunksjonar til tilsynsverksemda. Finanstilsynet bruker dokumenthandteringssystemet WebSak+ (Noark 5-godkjend) frå ACOS og har mellom anna løysingane elnnsyn og eFormidling.

Finanstilsynet har avtale med Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) om lønns- og rekneskapstenester og med Statens innkrevjingsentral om å krevje inn tilsynsavgift frå verksemdene under tilsyn. I 2024 innførte Finanstilsynet bruk av tidsregistrering i SAP Tid for alle tilsette, og frå 1. januar 2025 registrerer dei tilsette også tida dei bruker på tilsynsområda og på IKT-prosjekta. Frå 2024 fører Finanstilsynet rekneskapen etter dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Internkontroll

Verksemda til Finanstilsynet har felles rutinar og retningslinjer, inkludert saksbehandlings- og sikkerheitsrutinar. Det er fastsett etiske retningslinjer for alle tilsette, og det er rutinar for å følge opp desse, mellom anna ei årleg stadfesting av kjennskap til retningslinjene og rapportering av erverv som tilsette har ved sida av stillinga i Finanstilsynet. I tillegg har tilsynet arbeidsrutinar og sjekklister som er tilpassa dei ulike tilsynsområda. Alle retningslinjene og rutinane blir jamleg oppdaterte.

Basert på risikovurderingane som Finanstilsynet har gjort for verksemda og tilsynsområda, utarbeider alle avdelingane eigne verksemdsplanar. Ein felles verksemdsplan for heile Finanstilsynet viser dei overordna prioriteringane for hovudmåla og resultatmåla for styringsparametra, sjå kapittel III. Leiinga følgte opp verksemdsplanane gjennom året for å vurdere om ressursinnsatsen og resultatene følger planar og

prioriteringar, og for å sørge for at avvik blir forklarte og fulgte opp. Om nødvendig blir planane tilpassa nye behov og føresetnader i løpet av året.

Finanstilsynet har ein kontrollar som fører kontroll med etterlevinga av dei etiske retningslinjene og andre retningslinjer og rutinar for verksemda. Kontrollaren rapporterer til finansstilsynsdirektøren. Det blei ikkje avdekt vesentlege svake sider, feil eller manglar gjennom internkontrollen i 2025.

Finanstilsynet gjennomførte i 2025 eit prosjekt for å styrke den interne verksemdsstyringa, som også formaliserer roller og ansvar i risikostyringa og internkontrollen. Finanstilsynet vurderte i 2024 behovet for internrevisjon i tilsynet. Ettersom verksemda har blitt meir kompleks og risikobiletet er noko endra, konkluderte tilsynet med at det bør etablerast ein internrevisjonsfunksjon i 2026. I 2025 sette tilsynet i gang ein prosess for å vurdere kva modellar som kan vere aktuelle for å organisere internrevisjonsfunksjonen.

Oppfølging av personvernreglane

Finanstilsynet har ein eigen personvernrågivar. Arbeidet med behandlingsprotokoll og internkontroll for personvern heldt fram i 2025, mellom anna med å etablere nye rutinar og roller. Personvern er ein kontinuerleg prosess som må justerast etter endringar i verksemda, endringar i risikobiletet og nye nasjonale og internasjonale krav. I 2026 vil Finanstilsynet betre intern opplæring, personvernklæringar og oppfølging av personvern i tekniske løysingar og IKT-system.

Sikkerheit og beredskap

Finanstilsynet legg vekt på å vareta sikkerheita og ha beredskap for moglege kriser både i føretak under tilsyn og i vår eiga verksemd.

I 2025 gjennomførte Finanstilsynet risikovurderingar på området for samfunnssikkerheit basert på informasjonsgrunnlaget i trussel- og risikovurderingane til Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB), Nasjonalt tryggingorgan (NSM), Etterretningstenesta og Politiets tryggingsteneste (PST). I risikovurderingane analyserte tilsynet hendingar som kan svekke sikkerheits- og beredskapstilstanden i eiga verksemd og innan ansvarsområda til Finanstilsynet, inkludert krisehandteringsevna.

I tillegg har Finanstilsynet beredskap for eventuelle andre hendingar i eigen organisasjon og gjennomfører jamleg brann- og evakueringsøvingar i samarbeid med Noregs Bank.

Finanstilsynet prioriterer arbeidet med IKT-sikkerheit høgt. Tilsynet arbeider kontinuerleg med å betre styringsdokumentasjon, rutinar og sikkerheitsverktøy, har døgkontinuerleg sikkerheitsovervaking og gjennomfører jamleg øvingar. Det er viktig at alle tilsette er bevisste på risikoar, og vi har opplæring av tilsette og kontinuerlege phishingtestar for å auke motstandsevna mot cyberangrep.

Digitalisering

Finanstilsynet implementerte i 2025 ei ny løysing for innrapportering av data som følge av EU-regelverk. Løysinga skal forbetre arbeidsprosessane for innrapportering, både internt i Finanstilsynet og for finansnæringa. Den nye løysinga vil på sikt bidra til auka datakvalitet, betre kommunikasjon med finansnæringa og redusert tid brukt på innrapportering. Prosjektet er delfinansiert av medfinansieringsordninga til Digitaliseringsdirektoratet.

Finanstilsynet inngikk i 2025 ein avtale om ei ny løysing for marknadsovervaking. Løysinga vil gjere behandlinga av store mengder transaksjonsdata meir effektiv i arbeidet med å undersøke mogleg marknadsmisbruk. Dette inkluderer å oppdage og etterforske mogleg innsidehandel, marknadsmanipulasjon og brot på plikta som utskrivaren har til å offentleggjere innsideinformasjon. I tillegg vil løysinga også kunne brukast til å identifisere trendar i verdipapirmarknaden. Implementeringa vil skje i 2026.

Tilsynet legg vekt på at arbeidet med digitalisering skal ha ei klar retning og tydelege mål i tråd med den fastsette digitaliseringsstrategien og statlege føringar i digitaliseringsrundskrivet og i «Fremtidens digitale Norge», den nasjonale digitaliseringsstrategien 2024–2030. Tilsynet bruker ein smidig utviklingsmetodikk med hyppige leveransar og systematisk oppfølging gjennom ein fastsett struktur for porteføljestyring.

Digitaliseringsprosjektet til Finanstilsynet, som går frå 2022 til 2026, omfattar automatisering av forvaltingsoppgåver, digitalisering av tilsynsprosessar, meir effektiv rapportering og datafangst, betre analyseløysingar og meir datadeling. Prosjektet skal auke omfanget av og tempoet i digitaliseringa i Finanstilsynet, og det rapporterer separat til Finansdepartementet.

Digitaliseringa i Finanstilsynet følgte fastsette planar i 2025. Digitaliseringsprosjektet avsluttar det fjerde prosjektåret og følger dei fastsette milepælane med nokre få unntak der det gjenstår enkelte avklaringsar. Finanstilsynet ser at auka tilgang til data, digitalisering og automatisering av prosessar hevar kvaliteten på arbeidet og bidrar til auka effektivitet. Prosjektet involverer tilsette i heile verksemda, og det er eit godt og tett samarbeid mellom dei tekniske utviklarane og fagpersonane.

Gjennom 2025 var det høg aktivitet i alle delprosjekta, med automatisering av arbeidsprosessar og gjennomføring av aktivitetar som omfatta bruk av kunstig intelligens (KI). Det blei konvertert fleire Altinn-skjema til den nye Altinn 3-plattformen og lagt til rette for prioriterte datasett for bruk i analyse. Involveringa frå verksemda i digitaliseringsarbeidet har auka dei siste åra. Finanstilsynet implementerte i 2025 dataklassifisering i Microsoft Office 365 for å betre informasjonssikkerheita. I tillegg blei KI-programmet Microsoft Copilot innført til bruk for alle tilsette, som har gjennomført obligatorisk opplæring. Alle tiltaka i den digitale

kompetanseplanen til Finanstilsynet blei sette i verk og følgt opp av fagseksjonane.

Rapportering til fellesføringa av konsulenttenester i 2025

I tråd med tildelingsbrevet skal Finanstilsynet arbeide for å redusere konsulentbruken på område der det ligg til rette for å bruke interne ressursar og intern kompetanse. Finanstilsynet har i løpet av dei siste åra rekruttert fem personar med teknisk kompetanse på relevante fagområde. Dei arbeider med å utvikle ei ny dataplattform, med overgangen til Altinn 3-plattform, verksemdsarkitektur, ny rapporteringsløyising, prosess-automatisering og datastyring. Rekrutteringa er med på å redusere konsulentbruken i Finanstilsynet.

Konsulenttenester til forvaltning og utvikling av IKT-løysingar

Systemporteføljen i Finanstilsynet er omfattande og krev mykje ressursar for å vareta sikker og stabil drift. Mellom anna må feil rettast, og integrasjonar mellom systema må haldast ved like. Systemporteføljen krev ein stor grad av spesialkompetanse på ulike teknologi-område. Det vil ikkje vere formålstenleg å halde oppe interne fagmiljø med spisskompetanse innanfor alle kompetanseområda.

Finanstilsynet må ha nok intern kompetanse til å ha ein fornuftig eigarskap til å drifte og utvikle eigne IKT-løysingar og arbeider systematisk med å styrke denne. Det inkluderer kapasitet og kompetanse til å sikre nødvendig styring av og kontroll med utviklinga av IKT-systema og den samla arkitekturen. Tilsynet tilsette ytterlegare to personar i tekniske roller i 2025 for å ta ned framtidig konsulentbruk. Dei går inn i arbeidet med å drifte og vidareutvikle dei digitale tenestene til Finanstilsynet.

Finanstilsynet engasjerte i 2025 eksterne konsulentar til å forvalte og vidareutvikle

- datavarehus
- ny dataplattform
- overgang til Altinn 3, inkludert utvikling av nye skjema
- innrapporteringsløyisingar – mottak, validering og vidaresending til europeiske tilsynsmyndigheiter
- fagsystem og register
- robotisert prosessautomatisering (RPA)
- kunstig intelligens (KI)
- IKT-sikkerheit
- nettstaden til Finanstilsynet (finansstilsynet.no)
- intranettløyisinga

Juridisk bistand og andre konsulenttenester

Finanstilsynet har eit eige fagmiljø som utformar og gjennomfører anskaffingar, men i periodar har det vore behov for ekstern juridisk bistand. I 2025 tilsette vi ein teknologijurist som skal handtere offentlege anskaffingar og følge opp IKT-kontraktar.

Tabell 10: Utgifter til konsulentar (i kroner)	2024	2025
Konsulenttenester til utvikling av programvare og IKT-løysingar	4 734 334	2 630 292*
Konsulenttenester til organisasjonsutvikling	472 810	997 473
Konsulenttenester innanfor juridisk bistand	166 626	902 876
Andre konsulenttenester	338 422	643 665
Klienttenester til løpande IKT-driftsoppgåver	28 309 347	34 685 301

* Finanstilsynet fører rekneskapen etter dei statlege rekneskapsstandardane, og delar av kostnadene til utvikling av programvare blir balanseførte. Medrekna kostnadene som er førte i balansen, var konsulentkostnadene til utvikling av IKT-løysingar på 40,9 millionar kroner i 2025, mot 43,2 millionar kroner i 2024.

Rapportering av miljøansvar til fellesføringa

Finanstilsynet skal vere ein miljøbevisst og attraktiv arbeidsgivar som tilbyr dei tilsette ein trygg arbeidsplass og eit godt arbeidsmiljø, og har ei auka merksemd retta mot arbeidsmiljøet og berekraftig drift i alle ledd av verksemda. Finanstilsynet har fastsett ei overordna miljønorm og retningslinjer for å fremme klima- og miljøvennlege innkjøp og reiser. Tilsynet har vore sertifisert som Miljøfyrtårn sidan 2022 og blei resertifisert i 2025.

Dokumenteringa av miljøavtrykket blir rapportert gjennom det digitale miljøleiingsystemet til Miljøfyrtårn og blir brukt til å samanlikne utviklinga over år. Finanstilsynet sitt rapporterte klimagassutslepp frå den daglege drifta kjem hovudsakleg frå reiseverksemda og frå energiforbruket.

Utslepp frå reiseverksemda gjekk noko ned i 2025 samanlikna med 2024. Reisene til møte i Europa

utgjer vel 80 prosent. Deltakinga i internasjonale organisasjonar og samarbeidsgrupper krev ei viss reiseverksemd. Samtidig er fleire av dei faste møta digitale eller hybride, og tilsynet har redusert reiseverksemda der det er mogleg.

Finanstilsynet leiger lokale og har derfor avgrensa påverknad på energieffektiviseringa. I 2025 oppretta Finanstilsynet eit kontor i Hamar, som skal ha 20 tilsette, og det samla arealet som vi leiger, har dermed auka noko. Bruken av heimekontor haldt fram i 2025, som gir færre pendlarreiser og mindre stress for mange tilsette.

Finanstilsynet arbeider for å utnytte ressursane godt og kjøper inventar og andre varer med tanke på levetid, gjenbruk og gjenvinning og reparerer og gjenbruk interiør framfor å kjøpe nytt. Tilsynet inngjekk i 2020 ein avtale om å returnere IKT-utstyr, som inneber at utstyret kan gjenbrukast av mellom anna skoleelevar, og i 2025 blei 109 einingar gjenbrukte og åtte resirkulerte. Miljøarbeidet i Finanstilsynet blir kontinuerleg evaluert, og dei tilsette blir oppmoda om å foreslå tiltak.

Vurdering av
framtidssutsikter



Vurdering av framtidsutsikter

Risiko for ustabilitet i internasjonale finansmarknader

Geopolitiske endringar og auka spenningar gir høg usikkerheit om den økonomiske utviklinga i verda. Saman med meir omfattande handelsbarrierar kan det gi auka kostnader og svekke grunnlaget for verdiskaping og vekst. Mange land har høg statsgjeld. Utfordringar med å betene denne kan både vere ei kjelde til finansiell uro og samtidig redusere evna myndigheitene har til å motverke uro og tilbakeslag i økonomien.

Dei viktigaste sårbarheitene i norsk økonomi er framleis høg gjeld i hushalda og høge prisar på bustader og næringsseigedommar. Gjeldsbelastinga til dei norske hushalda har minka dei siste åra, men er framleis på eit høgt nivå, både historisk og samanlikna med andre land. Mange hushald har høg gjeld som andel av inntekta. Gjeldsproblem i hushalda kan gi store ringverknader for resten av økonomien.

Det finansielle systemet bør kunne handtere kraftige forstyrringar og uventa hendingar og samtidig vareta funksjonane sine, slik at eit tilbakeslag i økonomien ikkje blir forsterka. Norske bankar har hatt god lønnsamd i fleire år, og dei er solide og likvide. Det er viktig at finansføretaka har god styring og kontroll, og at dei held oppe motstandskrafta til å møte auka usikkerheit i marknadene. Finanstilsynet fører eit risikobasert tilsyn og analyserer og følger marknader og føretak som kan ha utsette eksponeringar. Vi samarbeider med europeiske finanstilsynsmyndigheiter og andre internasjonale organ om risikoanalyser, rapportering og regelverksutvikling.

Konkurranseskraft og rammevilkår for finansnæringa

Norsk finansnæring er samla sett lønnsam og konkurransedyktig samanlikna med utanlandske aktørar. Tenestene er i stor grad digitale, og næringa har låge kostnader i eit europeisk perspektiv. Marknadsandelane til norske føretak har vore stabile over tid. Finanstilsynet har dei siste åra lagt auka vekt på å vurdere rammevilkåra og konkurransesituasjonen for norske finansføretak og har i dette arbeidet hatt kontakt med næringa og andre myndigheiter.

Rask digitalisering og ein stadig meir integrert europeisk finansmarknad vil kunne stille norsk finansnæring overfor nye utfordringar i åra framover. Finanstilsynet vil følge utviklinga og legge vekt på å vareta omsynet til finansiell stabilitet og velfungerande marknader utan å hemme innovasjon eller påføre finansnæringa unødvendig byrde. Erfaringar frå Noreg og andre land

viser at solide og likvide finansføretak legg til rette for økonomisk vekst og ei sterk nasjonal finansnæring, også i urolege tider.

Forenkling

Reguleringa av finansmarknadene varetar viktige formål, men er omfattande og komplisert. Føretak og myndigheiter i Noreg, andre europeiske land og EU har uttrykt uro for den auka kompleksiteten i det felleseuropeiske regelverket. Det er sett i gang arbeid på både europeisk og nasjonalt nivå for å gjere regelverket enklare utan at viktige krav til næringa blir svekte. Eit meir forholdsmessig regelverk kan auke samfunnsnytta av reguleringa og bidra til meir konkurransedyktige rammevilkår for norsk og europeisk finansnæring.

Finanstilsynet vil legge vekt på forenkling i arbeidet med å utvikle og gjennomføre nytt regelverk, i gjennomgangen av eksisterande regelverk og i eigen tilsynspraksis. I arbeidet har vi kontakt med europeiske tilsynsmyndigheiter og interessentar som bransjeorganisasjonar, føretak under tilsyn og andre offentlege verksemdar.

Digital sårbarheit og beredskap

Den finansielle infrastrukturen er internasjonal og i stadig utvikling. Det auka geopolitiske spenningsnivået har gitt større merksemd på digital sårbarheit, avhengigheit av den digitale infrastrukturen til andre statar og faren for systemiske cyberhendingar. Tilsynet samarbeider med relevante nasjonale og europeiske myndigheiter og med næringa for å førebygge og handtere hendingar i det finansielle systemet. Det felleseuropeiske regelverket for digital operasjonell motstandsdyktigheit (DORA) skal bidra til at alle deltakarane i det finansielle systemet har rutinar og gjennomfører tiltak for å redusere IKT-risikoen.

Finansielle tenester skal fungere også i urolege tider og i krisesituasjonar. 2026 er utpeika som Totalforsvarsåret, der det overordna målet er å styrke Noreg si evne til å førebygge og handtere sikkerheitspolitiske kriser og krig. Ei viktig oppgåve i 2026 og i åra framover er å gå gjennom, utvikle og øve på beredskapsplanar.

Finansføretaka bruker i aukande grad avanserte analysemetodar og KI i ulike delar av verksemda. Det er viktig at norske finansføretak har god kjennskap til utfordringar og risikoar når dei bruker avansert teknologi til oppgåver i verksemda. Nytt regelverk for bruken av KI skal bidra til at det blir utvikla menneskeorientert og etisk forsvarleg KI. Reglane legg vekt på sikkerheit, transparens og grunnleggande menneskerettar. Finanstilsynet har tilsyn med at det er god styring og kontroll i føretaka.

Kamp mot økonomisk kriminalitet

Økonomisk kriminalitet gir store økonomiske tap for enkeltpersonar, verksemdar og samfunnet. Utviklinga av digitale løysingar og tenester gir brukarvennlege og effektive løysingar for publikum, men skaper også nye sårbarheiter som kriminelle kan utnytte. Grensene mellom den tradisjonelle økonomiske kriminaliteten og anna profittmotivert kriminalitet held fram med å bli viska ut, ettersom organiserte kriminelle er meir involverte i økonomisk kriminalitet enn tidlegare.

For myndigheitene er det eit grunnleggjande utgangspunkt at kriminalitet ikkje skal lønne seg. Kampen mot økonomisk kriminalitet blir trappa opp nasjonalt, og ulike etatar og finansnæringa samarbeider for å sikre tilliten og tryggleiken i samfunnet.

Finanstilsynet styrker arbeidet med å førebygge, avdekke og sanksjonere økonomisk kriminalitet og følger med på potensielle tilretteleggjarar for kriminelle miljø, som rekneskapsførarar og revisorar. For å få best mogleg effekt av satsinga utviklar tilsynet arbeidsmetodar og utvidar samarbeidet med politiet og andre kontrollatar. Eit viktig område framover er deling av informasjon mellom føretak i sektoren, mellom myndigheitene og mellom næringa og myndigheitene. Gjennomføringa av den sjettede kvitvaskingspakken blir også viktig for å sikre eit harmonisert og felles regelverk på tvers av landegrensene. Finanstilsynet deltar som observatør i den nye europeiske myndigheita for kamp mot kvitvasking og terrorfinansiering (AMLA).

Klimarisiko og berekraft

Klimaendringane og overgangen til ein klimanøytral og meir berekraftig økonomi påverkar finansmarknadene og verksemdene Finanstilsynet har tilsyn med. Dei siste åra har det vore aukande merksemd om faren for ekstremver, med fleire hendingar som har påført enkeltpersonar, føretak og samfunnet betydelege kostnader. Samtidig har enkelte land og føretak redusert ambisjonsnivået i klimapolitikken og trekt seg ut av internasjonale organ. Ein mindre ambisiøs og effektiv klimapolitikk kan føre til auka kostnader til omstilling og utbetring av ver- og klimarelaterte skader i åra framover. Finanstilsynet forventar at finansføretaka inkluderer alle vesentlege risikoar, inkludert klimarisiko, i risikostyringa si.

Det er interesse for grøne investeringsprodukt, men det er også ein risiko for at fond og andre verdipapir blir marknadsførte som berekraftige utan at dei er det. Slik grønvasking undergrei arbeidet med å få til berekraftige marknader. Dei felleseuropeiske reglane om miljømål, klassifisering og krav til opplysningar frå føretaka gjeld også i Noreg, og dei er grunnlaget når Finanstilsynet vil følge opp grønvaskingsrisiko i føretaka.

Det er felleseuropeiske reglar (EØS-reglar) for korleis finansnæringa skal bidra til å redusere klimaavtrykket. I 2025 valde EU å reversere eller utsette gjennomføringa av enkelte regelverksinitiativ om rapporteringspliktene til føretaka.

Eit relevant og effektivt finanstilsyn

Finanstilsynet skal vere ei effektiv tilsynsmyndighet som driv risikobasert og prioriterer tiltaka og verkemidla som har størst effekt. Raske samfunnsendringar, teknologisk utvikling og nye oppgåver gjer det nødvendig å utvikle verksemda kontinuerleg. Arbeidskrafta er den viktigaste ressursen vår. Vi rekrutterer og utviklar dyktige medarbeidarar, og vidareutviklar samarbeid og arbeidsformer. Digitaliseringa gir utvida moglegheiter. Vi forenkler innrapportering, søknadsprosessar, regelverk og rettleiing for å gjere tenestene betre og meir effektive for næringa og tilsynet. Vi legg vekt på innspel frå næringa og styrker samarbeidet med andre offentlege myndigheiter for å auke effektiviteten og få ei større samla samfunnsnytte av ressursinnsatsen.

Årsrekneskap

VI

Årsrekneskap

Kommentar frå leiinga

Årsrekneskapen er lagd fram i samsvar med «Bestemmelser om økonomistyring i staten» og tilhøyrande rundskriv og krav frå Finansdepartementet. Finanstilsynet fører og rapporterer rekneskapen for verksemda etter dei statlege rekneskapsstandardane. Årsrekneskapen med notar gir eit dekkande bilete av dei disponible løyvingane til verksemda og av rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigedom og gjeld i Finanstilsynet i 2025.

Stortinget fastset utgifts- og inntektsbudsjettet til Finanstilsynet som ein del av statsbudsjettet. For 2025 var budsjettet til driftsutgifter (post 01) opphavleg på 556,5 millionar kroner. Budsjettet blei seinare auka med 12,5 millionar kroner som kompensasjon for lønnsoppgjeret. Inkludert overførte midlar på 21,3 millionar kroner frå 2024 var den samla disponible utgiftsramma til drift 590,3 millionar kroner.

Den nye finanstilsynslova fastset at Finanstilsynsklagenemnda skal behandle klager på vedtak frå Finanstilsynet. Det blei løyvd 8,9 millionar kroner til å etablere Finanstilsynsklagenemnda og til å dekke driftsutgiftene (post 23) i 2025. Post 23 er stilt til disposisjon for Klagenemndssekretariatet gjennom belastingsfullmakt.

Delar av budsjettet til Finanstilsynet blir tildelt på post 45 *Større nyanskaffingar og vedlikehald (IT)*. Løyvinga er øymerkt IKT-utviklingsprosjekt, og ubrukte midlar kan overførast til seinare budsjettår. I budsjettet for 2025 blei det løyvd 33,7 millionar kroner, og saman med overførte midlar frå 2024 på 3,9 millionar kroner var den disponible utgiftsramma 37,6 millionar kroner. I dette øymerkt 16,2 millionar kroner til ekstra satsing på digitalisering i 2025. Gjennom medfinansieringsordninga mottok Finanstilsynet i 2025 12,4 millionar kroner frå Digitaliseringsdirektoratet (Digdir) til å dekke deler av prosjektkostnaden til å implementere ei ny innrapporteringsløyving som vil effektivisere arbeidsprosessar og auke kvaliteten på data som skal rapporterast til EU, av dette blei det nytta 11,5 millionar kroner.

I 2025 blei det tildelt 20 millionar kroner på post 70 *Utbetaling av erstatning*, som gjekk til å betale erstatning som var sikra i konkursboet til det danske forsikringsføretaket Alpha Insurance A/S. Inkludert overførte midlar frå 2024 på 5 millionar kroner var den disponible utgiftsramma på 25 millionar kroner. Det blei utbetalt 20 millionar kroner av desse til Garantiordningen for skadeforsikring i 2025, som vidareformidla utbetaling til ramma partar.

Løyvingsrapporteringa viser at driftsutgiftene i 2025 summerte seg til 553,3 millionar kroner, ein auke på nesten 8 prosent frå 2024. Årsaka til auken i

driftsutgifter var mellom anna etableringa av den nye tenestestaden i Hamar. Dette er ein del av satsinga til Finanstilsynet for å bidra til å nedkjempe økonomisk kriminalitet. I løyvingsrapporteringa inngår også meirverdiavgift som er belasta nettordninga for meirverdiavgift i staten. Mindreutgiftene for post 01 *Driftsutgifter* kom på nesten 37 millionar kroner. Av dette har Finanstilsynet søkt om å overføre 28,5 millionar kroner til 2026. Mindreutgifter for post 45 kom på nesten 8,5 millionar kroner og er søkt overførte til 2026. Mindreutgifter for post 23 kom på 2,6 millionar kroner, og mogleg overføring er 0,5 millionar kroner, som er søkt overført. Berekning av mindreutgifter går fram av note B.

Dei samla lønnsutgiftene var på 410,9 millionar kroner, som er 5,7 prosent høgare enn i 2024. Utbetalningar til lønn utgjorde om lag 70,1 prosent av sum utbetalningar til drift i 2025. Talet på utførte årsverk er berekna til 311 i 2025, mot 310 i 2024. Sjå nærare omtale av talet på tilsette i Finanstilsynet i kapittel II.

Finanstilsynet krev saksbehandlingsgebyr for enkelte søknader og varslingar, i tillegg til årleg tilsynsavgift for einingar under tilsyn. Storleiken på gebyra varierer avhengig av type søknad eller verksemd. Finanstilsynet krev gebyr mellom anna for prospektkontroll, for å behandle søknader om løyve til å drive verksemd som betalingsføretak, e-pengeføretak og opplysningsfullmektig og for inkassoverksemd. Den samla innbetalinga var på 24,3 millionar kroner i 2025, mot 18,2 millionar kroner i 2024. Auka inntekter i 2025 skuldast i all hovudsak at Finanstilsynet overtok oppgåva som tilbodsmyndigheit frå Oslo Børs frå 1. april 2025, og tilsynet krev saksbehandlingsgebyr for å kontrollere og godkjenne tilbod og tilbodsdokument i samband med oppkjøp av norske selskap med aksjar noterte på ein norsk regulert marknad.

Utgiftene til Finanstilsynet og Finanstilsynsklagenemnda, utover behandlingsgebyr, blir etter finanstilsynslova § 6-1 fordelte på føretaka som er under tilsyn i budsjettåret. Etter lova skal utgiftene fordelast på dei ulike føretaksgruppene basert på Finanstilsynet sin relative ressursbruk etter nærare reglar fastsett i forskrift. Det samla kravet om tilsynsavgift utgjorde 616,5 millionar kroner i 2025. Etter den føregåande høyringa hos dei aktuelle bransjeorganisasjonane blei tilsynsavgifta send til føretaka under tilsyn for betaling i mai 2025. I alt 17 082 tilsynseiningar var omfatta av utlikninga. Av desse var 80 utanlandske filialar og 941 einingar med grenskryssande verksemd. Den største tilsynsgruppa er rekneskapsførarar, med 12 834 einingar ved inngangen til 2025.

Vinningsavståing og gebyr for regelbrot blir rekneskapsførte under Finanstilsynet sitt inntektskapittel. Desse inntektene er ikkje ein del av grunnlaget for å rekne ut tilsynsavgifta og tilfall statskassen. Til saman

blei det betalt 118,1 millionar kroner i gebyr i 2025, mot 41,1 millionar kroner i 2024.

Riksrevisjonen reviderer verksemda til Finanstilsynet. Revisjonsmeldinga for 2025 skal ligge føre innan 1. mai 2026 og vil bli publisert på nettstaden til Finanstilsynet.

Oslo, 2. mars 2026

Per Mathis Kongsrud

Per Mathis Kongsrud
finansstilsynsdirektør

Prinsippnote for årsrekneskapen

Årsrekneskapen for statlege verksemder er utarbeidd etter retningslinjer fastsette i punkt 3.4.1 i «Bestemmelser om økonomistyring i staten» og etter krav i rundskriv R-115 av november 2025 og eventuelle tilleggskrav fastsett av overordna departement. Finanstilsynet har ein eigen prinsippnote for rekneskapen for verksemda som blir ført i tråd med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS), sjå side 46.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorapporteringa er utarbeidd med utgangspunktet i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen:

- Rekneskapen følger kalenderåret.
- Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- Utgifter og inntekter er ført i rekneskapen med brutto beløp.
- Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av løyvings- og artskontorapporteringa er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa korresponderer med krav i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Finanstilsynet er knytt til statens konsernkontoordning i Noregs Bank og har trekkrettar som svarer til Stortinget si løyving. Bruttobudsjetterte verksemder blir ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Ved overgangen til eit nytt år blir saldoen på den enkelte oppgjerskontoen nullstilt.

Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser beholdningar verksemda står oppførte med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Det blir stilt opp etter kapitla og postane i løyvingsrekneskapen som verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonna «Samla tildeling» viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrevet for

kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eigedelar og plikter verksemda står oppførte med i kapitalrekneskapen til staten.

Mottatte fullmakter til å belaste kapittel/post til ei anna verksemd (belastingsfullmakter) blir ikkje vist i kolonna for «Samla tildeling», men er omtalt i note B til løyvingsoppstillinga. Utgiftene knytte til mottatte belastingsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen, og dei står i kolonna for «Rekneskap».

Avgitte belastingsfullmakter er inkluderte i kolonna for «Samla tildeling», men blir bokførte og rapportert ikkje til statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Avgitte belastingsfullmakter blir bokførte og rapportert av verksemda som har mottatt belastingsfullmakta og visast derfor ikkje i kolonna for «Rekneskap». Dei avgitte fullmaktene står i note B til løyvingsoppstillinga.

Skatteetaten ved Statens innkrevjingssentral har fått belastingsfullmakt på kapittel 4602, postane 03 og 86, og kapittel 5580, post 70. Sekretariatet for Finanstilsynsklagenemnda har fått belastingsfullmakt på kapittel 1602, post 23. Finanstilsynet har mottatt belastingsfullmakt frå Digitaliseringsdirektoratet i samband med medfinansieringsordninga på kapittel 1540, post 25.

Det reelle avviket mellom løyvinga og rekneskapen går fram av kolonnen «Avvik frå tildeling».

Artskontorapporteringa

Oppstillinga av artskontorapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser eigedelar og gjeld som inngår i mellomvære med statskassen. Artskontorapporteringa viser rekneskapstala Finanstilsynet har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Finanstilsynet har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og derfor ikkje vist som inntekt i oppstillinga.

Rekneskapstala i løyvings- og artskontorapporteringa med notar viser rekneskapstala rapporterte til statsrekneskapen. I tillegg viser noten til artskontorapporteringa *Samanheng mellom avrekning med statskassen og mellomvære med statskassen* bokførte tal

frå Finanstilsynet sin kontospesifikasjon i kolonnen «Spesifisering av bokført avrekning med statskassen». Noten viser forskjellen mellom beløp Finanstilsynet har bokført på egedels- og gjeldskontoar i Finanstilsynet sin kontospesifikasjon (med saldo på kunde- og leverandørreskontro) og beløp Finanstilsynet har rapportert som fordringar og gjeld til statsrekneskapen, og som inngår i mellomvære med statskassen.

Finanstilsynet har innretta bokføringa slik at ho følger krava i føresegnene om økonomistyring i staten. Dette inneber at alle opplysningar om transaksjonar og andre

rekneskapsmessige disposisjonar som er nødvendige for å utarbeide pliktig rekneskapsrapportering, sjå føresegnene punkt 3.3.2, og spesifikasjon av pliktig rekneskapsrapportering, sjå føresegnene punkt 4.4.3, er bokført. Føresegnene krev mellom anna utarbeiding av kundespesifikasjon og leverandørspesifikasjon. Dette fører til at sals- og kjøpstransaksjonar blir bokførte i kontospesifikasjonen på eit tidlegare tidspunkt enn dei blir rapporterte til statsrekneskapen, og inneber kunde- fordringar og leverandørgjeld i kontospesifikasjonen.

Oppstilling av løyvingsrapporteringa for rekneskapsåret 2025

Utgifts- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2025	Meirutgift (-) og mindre- utgift	Postert av andre i samsvar med fullmakter	Avvik frå tildeling
1602	Finanstilsynet	01	Driftsutgifter	A,B	590 314 000	553 335 469	36 978 531		
1602	Finanstilsynet	23	Spesielle driftsutgifter, klagenemnd		8 900 000	0	8 900 000		
1602	Finanstilsynet	45	Større nyanskaffingar og vedlikehald (IT)	A,B	37 651 000	29 143 193	8 507 807		
1635	Forskotering av erstatningskrav	70	Utbetaling av erstatning	A,B	25 000 000	20 000 000	5 000 000		
1540	Digitaliserings- direktoratet	25	Medfinansierings- ordning for digitali- seringsprosjekt		0	11 453 928			
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	01	Nettoordning for mva. i staten		0	27 402 288			
Sum utgiftsført					661 865 000	641 334 878			

Inntekts- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2025	Meirinntekt og mindre- inntekt (-)	Postert av andre i samsvar med fullmakter	Avvik frå tildeling
4602	Finanstilsynet	03	Saksbehandlingsgebyr	A,B	20 700 000	24 058 822	3 358 822	194 200	3 553 022
4602	Finanstilsynet	86	Vinningsavståing og lovbrotsgebyr m.m.	A,B	108 000 000	0	-108 000 000	118 073 756	10 073 756
5580	Sektoravgifter under Finans- departementet	70	Finanstilsynet, bidrag frå tilsynseiningane	A,B	616 488 000	69 891	-616 418 109	612 935 721	-3 482 388
5700	Folketrygda sine inntekter	72	Arbeidsgivaravgift SAP		0	50 662 922			
Sum inntektsført					745 188 000	74 791 635			
Netto rapportert til løyvingsrekneskapen						566 543 243			

Kapitalkontoar

60050601	Noregs Bank KK/innbetalningar	38 132 276
60050602	Noregs Bank KK/utbetalningar	-600 582 541
716106	Endring i mellomvære med statskassen	-4 092 977
Sum rapportert		0

Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12.)		2025	2024	Endring
716106	Mellomvære med statskassen	-36 883 383	-32 790 405	-4 092 977

Note A Forklaring av samla tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Tildelingar i år	Samla tildeling
1602 01 Driftsutgifter	21 316 000	568 998 000	590 314 000
1602 23 Spesielle driftsutgifter, klagenemnd	0	8 900 000	8 900 000
1602 45 Større nyanskaffingar og vedlikehald (IT)	3 926 000	33 725 000	37 651 000
1635 70 Utbetaling av erstatning	5 000 000	20 000 000	25 000 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift (-) / mindreutgift	Utgiftsført av andre etter avgitte belastingsfullmakter	Meirutgift(-)/ mindreutgift etter avgitte belastingsfullmakter	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp	Mogleg overførbart beløp berekna av verksemda
1602 01		36 978 531		36 978 531	36 978 531	28 449 900	28 449 900
1602 23		8 900 000	6 327 467	2 572 533	2 572 533	445 000	445 000
1602 45	"kan overførast"	8 507 807		8 507 807	8 507 807	69 873 000	8 507 807
1635 70	"kan overførast"	5 000 000		5 000 000	5 000 000	110 000 000	5 000 000

Opplysningar om mottatte belastingsfullmakter på utgiftskapittel

Kapittel og post	Formål	Belastingsfullmakt 2025	Rekneskap per 31.12.2025	Avvik etter belastingsfullmakt
1540 25	Medfinansering prosjektet "ESA innrapporteringsløyising"	12 388 373	11 453 928	934 445

Opplysningar om avgitte belastingsfullmakter på utgiftskapittel

Kapittel og post	Belastingsfullmakt 2025	Rekneskap per 31.12.2025	Avvik etter belastingsfullmakt
1602 23 Spesielle driftsutgifter, klagenemnd	8 900 000	6 327 467	2 572 533

Opplysningar om avgitte belastingsfullmakter på inntektskapittel

Kapittel og post	Meirinntekter/ mindreinntekter (-)	Inntektsført av andre etter avgitte belastingsfullmakter (+)	Meirinntekter/ mindreinntekter (-) etter meirinntektsfullmakt
4602 86 Vinningsavståing og lovbrotsgebyr	-108 000 000	118 073 756	10 073 756
5580 70 Bidrag frå tilsynseiningane	-616 488 000	612 935 721	-3 552 279

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Mottatte belastingsfullmakter

Finansdepartementet gav i brev dagsett 21. mars 2000 (dåverande) Kredittilsynet fullmakt til å behandle og avgjere erstatningssaker som gjeld beløp under 250 000 kroner. Andre vilkår går fram av Justis- og beredskapsdepartementet sitt rundskriv G-01/2017 «Erstatningskrav mot staten – belastning av budsjett-kapittel 471, post 71 og frafall av foreldelsesinnsigelse». Finanstilsynet brukte ikkje denne fullmakta i 2025.

Finanstilsynet har mottatt belastingsfullmakt frå Digitaliseringsdirektoratet på kapittel 1540, post 25 til prosjektet «ESA innrapporteringsløsning». Arbeidet vil halde fram i 2026, og det er venta at opptil 50 prosent av kostnadene skal dekkast gjennom medfinansieringsordninga.

Avgitte belastingsfullmakter (rekneskapsførte av andre)

Finanstilsynet har gitt Skatteetaten ved Statens innkrevjingssentral belastingsfullmakt på kapittel 4602, postane 03 og 86, og på kapittel 5580, post 70.

Finanstilsynet har også gitt Klagenemndssekretariatet belastingsfullmakt på kapittel 1602, post 23.

Stikkordet «kan overførast»

Løyving til Finanstilsynet på post 45 og post 70 er tildelt med stikkordet «kan overførast». Løyvinga på post 45

omfattar utviklingstiltak for IKT-systema, og på post 70 gjeld erstatningskrav i konkursboet etter danske Alpha Insurance A/S. For postar med stikkordet «kan overførast» kan summen av dei siste to åra sine løyvingar for postane overførast til neste budsjettår.

Fullmakt til å overskride driftsløyvingar mot tilsvarande meirinntekter

Finanstilsynet fekk ikkje meirinntektsfullmakt i 2025.

Fullmakt til å selje vidare utrangert løsyre

Etter utrangeringsinstruksen § 2 ligg myndigheita til å vedta utrangering hos fagdepartementa. Finansdepartementet har delegert myndigheit til Finanstilsynet til å vedta utrangering og sal av enkelte egedelar.

Mogleg overførbart beløp

Mindreutgifter på post 01 er berekna til 36 978 531 kroner. Beløpet er over grensa for overføring på 5 prosent av årets tildeling på post 01. Beløpet som det er mogleg å overføre til 2026, er 28 449 900 kroner.

Mindreutgifter på post 23 er berekna til 2 572 533 kroner. Beløpet er over grensa for overføring på 5 prosent av årets tildeling på post 23. Beløpet som det er mogleg å overføre til 2026, er 445 000 kroner.

Mindreutgift på post 45 er 8 507 807 kroner, og heile den ubrukte løyvinga kan overførast etter søknad.

Ubrukte løyvingar på post 70 *Utbetaling av erstatning* på 5,0 millionar kroner kan overførast etter søknad.

Note C Oversikt over binding på framtidige års løyvingar

Avtalar om leige av kontorlokale

Attverande varigheit per 31.12.	Årleg leigebeløp	Av neste års løyve	Av seinare års løyve	Samla binding på framtidige års løyve
Varigheit inntil 1 år	0	0	0	0
Varigheit 1–5 år *	26 486 843	26 486 843	88 289 477	114 776 320
Varigheit over 5 år**	637 500	656 625	5 690 750	6 347 375
Totalt	27 124 343	27 143 468	93 980 227	121 123 695

* Leige kontorlokale i Oslo

** Leige kontorlokale i Hamar

Vesentlege avtalar om kjøp av tenester

Attverande varigheit per 31.12.	Årleg beløp	Av neste års løyve	Av seinare års løyve	Samla binding på framtidige års løyve
Varigheit inntil 1 år	0	0	0	0
Varigheit 1–5 år	12 570 312	12 570 312	15 374 257	27 944 569
Varigheit over 5 år	0	0	0	0
Utan sluttdato *	23 776 877	23 776 877		
Totalt	36 347 189	36 347 189	15 374 257	51 721 446

* Dette gjeld medlemskapskontingentane til internasjonale organisasjonar som Finanstilsynet er forplikta til å vere medlem av.

Oppstilling av artskontorapporteringa per 31.12.

	2025	2024
Driftsinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen		
Innbetalinger frå gebyr	24 058 422	17 998 687
Andre innbetalinger	400	0
Sum innbetalinger frå drift	24 058 822	17 998 687
Driftsutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen		
Utbetalinger til lønn	410 866 779	388 579 109
Andre utbetalinger til drift	160 546 918	210 590 714
Sum utbetalinger til drift	571 413 697	599 169 822
Netto rapporterte driftsutgifter	547 354 876	581 171 135
Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen		
Utbetaling til investeringar	42 517 504	44 538 886
Utbetaling av finansutgifter	1 389	0
Sum investerings- og finansutgifter	42 518 893	44 538 886
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter	42 518 893	44 538 886
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	69 891	70 433
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten	69 891	70 433
Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel		
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)	50 662 922	49 712 236
Nettoføringsordning for meirverdiavgiftskonto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)	27 402 288	26 153 969
Netto rapporterte utgifter på felleskapittel	-23 260 634	-23 558 266
Netto rapportert til løyvingsrekneskapen	566 543 243	602 081 322

Oversikt over mellomvære med statskassen

Eigedelar og gjeld	2025	2024
Bankkontoar med statlege middel utanfor Noregs Bank	7 209	2 600
Skyldig skattetrekk og andre trekk	-17 398 544	-14 932 143
Skyldige offentlege avgifter	-3 492 587	-173 010
Avsett pensjonspremie til Statens pensjonskasse	-15 987 252	-17 680 252
Anna kortsiktig gjeld	-7 209	-2 600
Differansar på bank og uidentifiserte innbetalinger	-5 000	-5 000
Sum mellomvære med statskassen	-36 883 382	-32 790 405

Rekneskapsprinsipp – Rekneskapen for verksemda avlagd etter dei statlege rekneskapsstandardane (SRS)

Rekneskapen for verksemda er sette opp i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Transaksjonsbaserte inntekter

Inntekt blir resultatført når ho er opptent. Transaksjonar blir resultatførte til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Sal av tenester skal inntektsførast i takt med utføringa.

Inntekter frå løyvingar og overføringar

Finanstilsynet er ei bruttobudsjettert verksemd og praktiserer forenkla prinsippet om motsett samanstilling. Dette inneber at inntekt frå løyvingar blir berekna som differansen mellom kostnader og opptente transaksjonsbaserte inntekter i perioden og eventuelle inntekter frå tilskott og overføringar til verksemda. Dette betyr at resultatet av aktivitetane i perioden blir null.

Kostnader

Kostnader som gjeld transaksjonsbaserte inntekter, blir kostnadsførte i den same perioden som tilhøyrande inntekt.

Kostnader som blir finansierte med inntekt frå løyving og overføringar, blir kostnadsførte i takt med at aktivitetane blir utførte.

Pensjonar

SRS 25 *Ytingar til tilsette* legg til grunn ei forenkla rekneskapsmessig tilnærming til pensjonar. Statlege verksemdar skal ikkje balanseføre netto pensjonsforpliktingar for ordningar til Statens pensjonskasse (SPK).

Verksemda resultatfører arbeidsgivarandelen av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon blir kostnadsført som om pensjonsordninga i SPK var basert på ein innskotsplan.

Frå 2022 har SPK lagt om pensjonspremiemodellen for statlege verksemdar. Frå 1. januar 2022 betaler Finanstilsynet ein verksemdsspesifikk hendingsbasert arbeidsgivarandel som del av pensjonspremien. At premien er verksemdsspesifikk, betyr at han blir berekna ut frå forholda i den enkelte verksemda, ikkje for grupper av verksemdar samla. At han er hendingsbasert, betyr at han tar omsyn til dei faktiske hendingane i medlemsbestanden i verksemda, slik at premiereserven er ajour i forhold til oppteninga til medlemmen. Medlemsandelen på to prosent av lønnsgrunnlaget er uendra.

Leigeavtar

Finanstilsynet har valt å nytte forenkla metode i SRS 13 om leigeavtar og klassifiserer alle leigeavtar som operasjonelle leigeavtar.

Klassifisering og vurdering av anleggsmiddel

Anleggsmiddel er varige og betydelege eigedelar som skal disponerast av verksemda. «Varig» vil her seie utnyttbar levetid på tre år eller meir, og «betydeleg» vil seie enkeltståande anskaffingar (kjøp) med anskaffingskost på 50 000 kroner eller meir. Anleggsmiddel er balanseførte til anskaffingskost fråtrekt avskrivningar.

Kontorinventar og datamaskinar (PC-ar, serverar m.m.) med utnyttbar levetid på tre år eller meir er balanseførte som eigne grupper.

Varige driftsmiddel blir nedskrivne til verkeleg verdi ved ei eventuell bruksendring dersom verkeleg verdi er lågare enn balanseført verdi.

Eigenutvikling av programvare

Kjøp av bistand til utvikling av programvare er balanseført. Kostnader for bruk av eigne tilsette knytte til applikasjonsutviklingsfasen ved utvikling av programvare er ikkje balanseførte.

Klassifisering og vurdering av omløpsmiddel og kortsiktig gjeld

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter anskaffingstidspunktet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Omløpsmiddel blir vurdert til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppførte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap skjer på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane.

Kapitalen til staten

Kapitalen til staten utgjør nettobeløpet av eigedelane og gjelda til verksemda og framgår i rekneskapslinja for avrekningar i balanseoppstillinga. Bruttobudsjetterte verksemdar presenterer ikkje konsernkontoane i Noregs Bank som bankinnskott. Konsernkontoane inngår i rekneskapslinja «Avrekna med statskassen».

Statlege rammevilkår

Selvassurandørprinsippet

Staten opererer som selvassurandør. Det er derfor ikkje inkludert postar i balanse eller resultatrekneskap som reflekterer forsikringskostnader eller plikter.

Konsernkontoordninga til staten

Statlege verksemdar er omfatta av konsernkontoordninga til staten. Konsernkontoordninga inneber at alle innbetalningar og utbetalningar dagleg blir gjorde opp mot verksemda sine oppgjerskontoar i Noregs Bank.

Bruttobudsjetterte verksemder blir ikkje tilførte likvidar gjennom året. Verksemdene har ein trekkrett på konsernkontoen sin. For bruttobudsjetterte verksemder blir saldoen nullstilt på den enkelte oppgjerskontoen i Noregs Bank ved overgangen til eit nytt rekneskapsår.

Nummerering av notar

Finanstilsynet bruker den same nummereringa av notar som i DFØ sine malar. Notar som ikkje er aktuelle for Finanstilsynet, blir ikkje viste.

Resultatrekneskap

Resultatrekneskap	Note	31.12.2025	31.12.2024
Driftsinntekter			
Inntekt frå løyve	1	570 619 446	604 251 461
Inntekt frå gebyr	1	23 590 322	19 645 685
Andre driftsinntekter	1	400	0
Sum driftsinntekter		594 210 167	623 897 146
Driftskostnader			
Varekostnader		0	0
Lønnskostnader	2	410 936 888	397 635 529
Avskrivningar på varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar	3.4	18 184 166	17 663 288
Nedskrivningar på varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar	3.4	0	0
Andre driftskostnader	5	165 087 724	208 598 330
Sum driftskostnader		594 208 778	623 897 146
Driftsresultat		1 389	0
Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekter	6	0	0
Finanskostnader	6	1 389	0
Sum finansinntekter og finanskostnader		-1 389	0
Resultat av aktivitetane i perioden		0	0
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten			
Avgifter og gebyr direkte til statskassen	8	69 891	70 433
Avrekning med statskassen – innkrevjingsverksemd		69 891	70 433
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		0	0

Balanse

Eigedelar	Note	31.12.2025	31.12.2024
A. Anleggsmiddel			
I Immaterielle eigedelar			
Programvare og liknande rettar	3	68 560 126	57 201 765
Immaterielle eigedelar under utføring	3	51 330 503	40 154 730
Sum immaterielle eigedelar		119 890 630	97 356 496
II Varige driftsmiddel			
Driftsløysøre, inventar, verktøy og liknande	4	17 316 370	15 494 584
Sum varige driftsmiddel		17 316 370	15 494 584
Sum anleggsmiddel		137 207 000	112 851 079
B. Omløpsmiddel			
II Fordringar			
Kundefordringar	12	1 247 900	1 370 000
Andre fordringar	14	5 656 224	6 271 068
Sum fordringar		6 904 124	7 641 068
III Bankinnskott, kontantar og liknande			
Bankinnskott	15	7 209	2 600
Sum bankinnskott, kontantar og liknande		7 209	2 600
Sum omløpsmiddel		6 911 333	7 643 668
Sum eigedelar drift		144 118 333	120 494 748
Sum eigedelar		144 118 333	120 494 748
Statens kapital og gjeld			
C. Statens kapital			
II Avrekningar			
Avrekna med statskassen (bruttobudsjetterte)	7	37 393 149	22 596 011
Sum avrekningar		37 393 149	22 596 011
Sum statens kapital		37 393 149	22 596 011
D. Gjeld			
III Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		20 131 682	19 892 512
Skyldig skattetrekk og andre trekk		17 398 544	14 932 143
Skyldige offentlege avgifter		11 179 469	7 777 624
Avsette feriepengar		36 396 299	33 142 066
Anna kortsiktig gjeld	16	21 619 190	22 154 392
Sum kortsiktig gjeld		106 725 183	97 898 736
Sum gjeld		106 725 183	97 898 736
Sum statens kapital og gjeld drift		144 118 333	120 494 748
Sum statens kapital og gjeld		144 118 333	120 494 748

Note 1 Driftsinntekter	31.12.2025	31.12.2024
Inntekt frå løyve *	570 619 446	604 251 461
Sum inntekt frå løyve	570 619 446	604 251 461

* Etter dei statlege rekneskapsstandardane blir inntekt berekna frå løyve for bruttobudsjetterte verksemdar som differansen mellom kostnader og opptente transaksjonsbaserte inntekter i perioden og eventuelle inntekter frå tilskott og overføringar til verksemda. Ein konsekvens av dette er at resultatet av aktivitetane i perioden blir null.
For informasjon om mottatte løyve, sjå oppstillinga av løyvingsrapporteringa.

Inntekt frå gebyr		
Gebyr	23 590 322	19 645 685
Sum inntekt frå gebyr	23 590 322	19 645 685

Andre driftsinntekter		
Andre driftsinntekter	400	0
Sum andre driftsinntekter	400	0

Sum driftsinntekter	594 210 167	623 897 146
----------------------------	--------------------	--------------------

Note 2 Lønnskostnader, årsverk og andre ytingar	31.12.2025	31.12.2024
Lønn	295 430 445	280 382 612
Feriepengar	37 090 365	33 885 280
Arbeidsgivaravgift	50 748 837	50 806 091
Pensjonskostnader*	29 595 926	33 586 695
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-9 656 244	-8 746 439
Andre ytingar	7 727 559	7 721 290
Sum lønnskostnader	410 936 888	397 635 529

Antal utførte årsverk **	311	310
---------------------------------	------------	------------

* Premiesatsen for arbeidsgivarandelen utgjorde i 2025 9,4 prosent (arbeidsgivarandel av pensjonspremie på artskonto 542/ pensjonsgrunnlaget i 2025 rapportert til SPK). For rekneskapsåret 2024 utgjorde premiesatsen 11,5 prosent

** Antalet utførte årsverk blir definert som den ressursinnsatsen som dei tilsette i Finanstilsynet har utført i perioden det blir rapportert på.

Lønn og andre ytingar til leiaren for verksemda

Per Mathis Kongsrud	2 136 996*	1 931 146
---------------------	------------	-----------

Lønn og andre ytingar til styreleiaren og dei enkelte medlemmene av styret

Finn Arnesen (styreleiar)	346 625	336 500
Mette Helene Bjørndal	49 225	196 900
Giuditta Cordero-Moss	236 825	227 300
Helge Eide	206 725	196 900
Kristin Gulbrandsen	49 225	219 175
Jens-Henrik Lien	198 925	184 825
Ella Getz Wold	157 500	0
Tina Steinsvik Sund	157 500	0
Tonje Hovde Skjelbostad	157 500	0

* Årslønna til leiaren for verksemda utgjorde 2 067 000 kroner. I tillegg til denne summen kom det etterbetaling for lønnsoppgjeret for 2024.

Det er ikkje inngått avtalar med leiaren for verksemda eller leiaren av styret om vederlag ved opphøyr eller endring av arbeidsforholdet/vervet som kan gi vesentlege framtidige forpliktingar. Det er heller ikkje inngått andre særskilde avtalar til fordel for leiaren av verksemda og leiaren av styret.

Note 3 Immaterielle egedelar	Programvare og liknande rettar	Immaterielle egedelar under utføring	Sum
Anskaffingskost 01.01	73 855 102	40 154 730	114 009 832
Tilgang i året	25 634 670	31 907 387	57 542 057
Frå immaterielle egedelar under utføring til anna gruppe i løpet av året	0	-20 731 614	-20 731 614
Anskaffingskost	99 489 772	51 330 503	150 820 275
Akkumulerte avskrivingar 01.01.	16 653 337	0	16 653 337
Ordinære avskrivingar i året	14 276 309	0	14 276 309
Balanseført verdi 31.12.2025	68 560 127	51 330 503	119 890 630

Avskrivingssatsar (levetider): 3–15 år lineært.

Note 4 Varige driftsmiddel	Driftsløysøre, inventar, verktøy o.l.	Sum
Anskaffingskost 01.01.	26 224 072	26 224 072
Tilgang i året	5 729 643	5 729 643
Anskaffingskost	31 953 715	31 953 715
Akkumulerte avskrivingar 01.01.	10 729 489	10 729 489
Ordinære avskrivingar i året	3 907 857	3 907 857
Balanseført verdi 31.12.2025	17 316 370	17 316 370

Avskrivingssatsar (levetider): 3–15 år lineært.

Note 5 Andre driftskostnader	31.12.2025	31.12.2024
Husleige	24 929 779	21 390 970
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale	482 319	481 079
Andre kostnader til drift av eigedom og lokale	7 616 912	7 421 006
Leige maskinar, inventar og liknande	25 574 341	18 696 542
Mindre utstyrsanskaffingar	635 597	836 838
Reparasjon og vedlikehald av maskinar, utstyr m.m.	56 748	130 598
Kjøp av konsulenttenester*	5 454 142	4 791 301
Kjøp av andre framande tenester	37 765 738	28 750 055
Reiser og diett	4 553 538	4 464 208
Tap og liknande	19 980 000	85 140 000
Øvrige driftskostnader	38 038 612	36 495 734
Sum andre driftskostnader	165 087 724	208 598 330

* Delar av konsulentkostnadene blir balanseførte. Dette gjeld konsulentkostnadene til utvikling av programvare. Medrekna konsulentkostnadene som er førte i balansen, var konsulentkostnadene på 43,5 millionar kroner i 2025 og 43,9 millionar kroner i 2024.

Note 6 Finansinntekter og finanskostnader	31.12.2025	31.12.2024
Finansinntekter	0	0
Sum finansinntekter	0	0
Finanskostnader		
Rentekostnad	1 389	0
Sum finanskostnader	1 389	0

Note 7 Samanheng mellom avrekna med statskassen og mellomvære med statskassen (bruttobudsjetterte verksemdar)**A)** Forklaring til at resultatet for perioden ikkje er lik endring i avrekna med statskassen i balansen (kongruensavvik)

	31.12.2025	31.12.2024	Endring
Avrekna med statskassen i balansen	37 393 149	22 596 011	14 797 138

Bakgrunnen for at resultatet i perioden ikkje er lik endring i avrekna med statskassen i balansen for bruttobudsjetterte verksemdar er at konsernkontoane i Noregs Bank inngår som ein del av avrekna med statskassen i balansen. I tillegg er det tatt omsyn til enkelte transaksjonar som ikkje er knytte til drifta og transaksjonane til verksemda, og som ikke medfører ut- eller innbetaling. Nedanfor står dei ulike postane som er grunnen til at endringa i avrekna med statskassen i balansen, ikkje er lik resultatet i perioden.

Endring i avrekna med statskassen

Konsernkontoar i Noregs Bank			
Konsernkonto utbetaling			-600 582 541
Konsernkonto innbetaling			38 132 276
Netto trekk konsernkonto			-562 450 266
Innbetalingar og utbetalingar som ikkje inngår i drifta av verksemda (er gjennomstrømningspostar)			
– Innbetaling innkrevjingsverksemd og andre overføringar			-69 891
+ Utbetaling tilskottsforvalting og andre overføringar			0
Bokføringar som ikkje går over bankkonto, men direkte mot avrekning med statskassen			
+ Inntektsført frå løyve (underkonto 1991)			570 619 446
– Gruppeliv/arbeidsgivaravgift (underkonto 1985 og 1986)			-50 662 922
+ Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift (underkonto 1987)			27 766 495
Andre avstemmingspostar			
Spesifikasjon av andre avstemmingspostar			0
Forskjell mellom resultatført og netto trekk på konsernkonto			-14 797 138
Resultat av aktivitetar i perioden før avrekning mot statskassen			0
Sum endring i avrekna med statskassen			-14 797 138

B) Forskjellen mellom avrekna med statskassen og mellomvære med statskassen

	31.12.2025 Spesifisering av bokført avrekning med statskassen	31.12.2025 Spesifisering av rapportert mellomvære med statskassen	Forskjell
Immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel			
Immaterielle eigedelar	119 890 630	0	119 890 630
Varige driftsmiddel	17 316 370	0	17 316 370
Sum	137 207 000	0	137 207 000
Omløpsmiddel			
Kundefordringar	1 247 900	0	1 247 900
Andre fordringar	5 656 224	0	5 656 224
Bankinnskott, kontantar og liknande	7 209	7 209	0
Sum	6 911 333	7 209	6 904 124
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-20 131 682	0	-20 131 682
Skyldig skattetrekk og andre trekk	-17 398 544	-18 556 821	1 158 277
Skyldige offentlege avgifter	-11 179 469	-3 492 587	-7 686 882
Avsette feriepengar	-36 396 299	0	-36 396 299
Anna gjeld til tilsette	-18 821 077	0	-18 821 077
Avsett pensjonspremie til SPK, arbeidsgivarandel	0	-14 828 976	14 828 976
Anna kortsiktig gjeld	-2 798 113	-12 209	-2 785 904
Sum	-106 725 183	-36 890 592	-69 834 591
Sum	37 393 149	-36 883 383	74 276 532

Mellomvære med statskassen består av kortsiktige fordringar og gjeld som etter økonomiregelverket er rapporterte til statsrekneskapen (S-rapport). Avrekna med statskassen viser finansieringa av verksemda sine netto eigedelar og gjeld.

Note 8 Innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten	31.12.2025	31.12.2024
Skattar og avgifter, renteinntekter og utbytte m.m.	69 891	70 433
Sum avgifter og gebyr direkte til statskassen	69 891	70 433

Dette gjeld tilsynsavgifta som Statens innkrevjingssentral (SI), som er ein del av Skatteetaten, krev inn på vegner av Finanstilsynet. Det hender at nokre verksemdar betaler avgifta direkte til Finanstilsynet i staden for til SI.

Note 12 Kundefordringar	31.12.2025	31.12.2024
Kundefordringar til pålydande	1 367 900	1 510 000
Avsett til forventa tap (-) *	-120 000	-140 000
Sum kundefordringar	1 247 900	1 370 000

* Det blei avsett 120 000 kroner til forventa tap på kundefordringar som ikkje blei betalt i 2024.

Note 14 Andre kortsiktige fordringar	31.12.2025	31.12.2024
Forskottsbetalt leige	4 479 552	3 679 767
Andre forskottsbetalte kostnader	312 849	1 725 028
Andre fordringar	863 823	866 274
Sum andre kortsiktige fordringar	5 656 224	6 271 068

Note 15 Bankinnskott, kontantar og liknande	31.12.2025	31.12.2024
Øvrige bankkontoar (utanfor statens konsernkontoordning)	7 209	2 600
Sum bankinnskott, kontantar og liknande	7 209	2 600

Note 16 Anna kortsiktig gjeld	31.12.2025	31.12.2024
Anna gjeld til tilsette	18 821 077	22 151 791
Påløpte kostnader	2 464 904	0
Avstemmingsdifferansar ved rapportering til statsrekneskapan	5 000	0
Anna kortsiktig gjeld*	328 209	2 600
Sum anna kortsiktig gjeld	21 619 190	22 154 392

* Denne raden gjeld avsetning for uopptent inntekt fordi betalinga av saksbehandlingsgebyr for kontroll og godkjenning av prospekt skjedde i 2025, men saksbehandlinga blir uført i 2026.

Finanstilsynet

Revierstredet 3
Postboks 1187 Sentrum
0107 Oslo

Telefon 22 93 98 00
post@finansstilsynet.no
finansstilsynet.no

